

Arbeidsnotater

S T A T I S T I S K S E N T R A L B Y R Å

Dronningensgt. 16, Dep, Oslo 1. Tlf. *(02) 41 38 20

IO 77/22

12. juli 1977

FORBRUKSUNDERSØKINGA 1975.
Ei vurdering av kvaliteten av statistikken

av

Helge Herigstad

INNHOLD

| | Side |
|---|------|
| Tabellregister | 1 |
| 1. Tabellar i teksten | 1 |
| 2. Særskilt tabelldel | 1 |
| Tekstdel | 3 |
| I. Innleiing | 3 |
| II. Oversikt over forbruket i 1975 samanlikna med tidlegare år | 4 |
| III. Forbruksutgiftene samanlikna med utviklinga i prisar og inntekt | 12 |
| IV. Samanlikning med oppgaver over privat forbruk i nasjonalrekneskapen | 13 |
| V. Mengdeoppgåver | 15 |
| 1. Samanlikning med jordbruksstatistikken | 15 |
| 2. Samanlikning med nasjonalrekneskapen | 17 |
| 3. Samanlikning med alkoholstatistikken | 20 |
| 4. Samanlikning med mengdeoppgåver i 1958 | 21 |
| VI. Konklusjon | 23 |
| Litteratur | 24 |

Ikke for offentliggjøring. Dette notat er et arbeidsdokument og kan siteres eller refereres bare etter spesiell tillatelse i hvert enkelt tilfelle. Synspunkter og konklusjoner kan ikke uten videre tas som uttrykk for Statistisk Sentralbyrås oppfatning.

TABELLREGISTER

Tabellar i teksten

| | Side |
|---|------|
| 1. Fråfallet ved forbruksundersøkinga for hushald i grupper for personar pr. hushald/årstid/ type bustadsstrøk. 1973-75. Prosent | 3 |
| 2. Fråfall ved forbruksundersøkinga etter årsak. 1973-75. Prosent | 3 |
| 3. Forbruksutgift pr. hushald pr. år, standardavvik og variasjonskoeffisient, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75 | 4 |
| 4. Endring i forbruksutgift pr. hushald, standardavvik, variasjonskoeffisient og 95 prosent konfidensintervall på endringa, etter vare- og tenestegruppe | 5 |
| 5. Hushald i forbruksundersøkinga etter type hushald. 1973-75. Prosent | 5 |
| 6. Budsjettprosentar og standardavvik etter vare- og tenestegruppe. 1973-75. Prosent | 6 |
| 7. Total forbruksutgift og budsjettprosentar for hushald i ulike grupper for type hushald, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75 | 8 |
| 8. Total forbruksutgift og budsjettprosentar for hushald i ulike grupper for hovudinntekts- takars alder, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75 | 8 |
| 9. Total forbruksutgift og budsjettprosentar for hushald i ulike storleiksgrupper for total for- bruksutgift, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75 | 8 |
| 10. Total forbruksutgift og budsjettprosentar 1973-75 for hushald i ulike grupper for hovud- inntektstakars yrkesstatus, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75 | 11 |
| 11. Total forbruksutgift og budsjettprosentar for hushald i ulike grupper for bustadsstrøk, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75 | 11 |
| 12. Total forbruksutgift og budsjettprosentar for hushald i ulike handelsfelt, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75 | 12 |
| 13. Total forbruksutgift og årleg prosentvis endring i løpande og faste prisar, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75 | 13 |
| 14. Utgift pr. år i løpande prisar i forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapen etter vare- og tenestegruppe. 1973-75 | 14 |
| 15. Budsjettprosentar i forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapen etter vare- og tenestegruppe. 1973-75 | 14 |
| 16. Arlege endringar i forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapen etter vare- og tenestegruppe. Løpande prisar. Prosent | 15 |
| 17. Forbruk pr. person av nokre matvarer i forbruksundersøkinga og jordbruksstatistikken 1975 .. | 16 |
| 18. Samanlikning av forbruk av nokre matvarer i forbruksundersøkinga, nasjonalrekneskapen og jordbruksstatistikken. 1975. Prosent | 17 |
| 19. Pris pr. kilo (liter) og prisutviklinga i 1975 for nokre varer i forbruksundersøkinga saman- likna med konsumprisindeksen | 18 |
| 20. Forbruk pr. person av alkoholhaldige drikkevarer i forbruksundersøkinga og alkoholstati- stikken. 1975 | 21 |
| 21. Prisar pr. liter alkoholhaldige drikkevarer i forbruksundersøkinga og alkoholstatistikken. 1975. Kroner | 21 |
| 22. Forbruk pr. person av nokre mat- og drikkevarer i forbruksundersøkinga 1958 og 1975 | 22 |

Særskilt tabelldel

| | |
|--|----|
| 23. Hushald etter hushaldstype/total forbruksutgift/talet på personar/hovudinntektstakars alder/yrkesstatus. 1975 | 25 |
| 24. Utgifter i løpande kroner pr. år etter vare- og tenestegruppe. 1958, 1967, 1973, 1974 og 1975 | 26 |
| 25. Utgift etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 27 |
| 26. Utgift i ulike handelsfelt og bustadstrøk etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 31 |
| 27. Utgift i ulike kommunetypar etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 33 |
| 28. Utgift i ulike storleiksgrupper for total forbruksutgift etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 35 |
| 29. Utgift i ulike grupper av type hushald etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 37 |
| 30. Utgift for einslege i ulike storleiksgrupper for total forbruksutgift etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 39 |

Særskild tabellidel (framh.)

| | Side |
|--|------|
| 31. Utgift for ektepar utan barn i ulike storleiksgrupper for total forbruksutgift etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 39 |
| 32. Utgift for ektepar med 1 barn under 16 år i ulike storleiksgrupper for total forbruksutgift etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 40 |
| 33. Utgift for ektepar med 2 barn under 16 år i ulike storleiksgrupper for total forbruksutgift etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 40 |
| 34. Utgift for ektepar med 3 eller flere barn under 16 år i ulike storleiksgrupper for total forbruksutgift etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 41 |
| 35. Utgift for andre hushald i ulike storleiksgrupper for total forbruksutgift etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 41 |
| 36. Utgift i ulike grupper for hovudinntektstakars alder etter vare- og tenestegruppe. 1975 ... | 42 |
| 37. Utgift for einslege i ulike aldersgrupper etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 42 |
| 38. Utgift for ektepar utan barn i ulike grupper for hovudinntektstakars alder etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 43 |
| 39. Utgift for ektepar med barn i ulike grupper for hovudinntektstakars alder etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 43 |
| 40. Utgift i ulike grupper for hovudinntektstakars yrkesstatus etter vare- og tenestegruppe. 1975 | 44 |
| 41. Mat- og drikkevarer etter varegruppe. Utgift og mengde. 1975 | 45 |
| 42. Mat- og drikkevarer i ulike storleiksgrupper for total forbruksutgift etter varegruppe. Utgift og mengde. 1975 | 50 |
| 43. Mat- og drikkevarer i ulike grupper for hovudinntektstakars yrkesstatus etter varegruppe. Utgift og mengde. 1975 | 52 |
| 44. Mat- og drikkevarer i ulike grupper for hovudinntektstakars alder etter varegrupper. Utgift og mengde. 1975 | 54 |
| 45. Mat- og drikkevarer for einslege i ulike aldersgrupper etter varegrupper. Utgift og mengde. 1975 | 56 |
| 46. Mat- og drikkevarer for ektepar utan barn i ulike grupper for hovudinntektstakars alder etter varegrupper. Utgift og mengde. 1975 | 57 |
| 47. Mat- og drikkevarer for ektepar med barn i ulike grupper for hovudinntektstakars alder etter varegrupper. Utgift og mengde. 1975 | 58 |

I. Innleiing

Statistisk Sentralbyrå har frå 1974 av gjennomført årlege forbruksundersøkingar. Dette notatet tar for seg undersøkinga i 1975. 1974-undersøkinga er tilsvarande omtala i ANO 76/40 [7], og vi viser til dette. Resultat frå 1973-undersøkinga er tidlegare publisert i Forbruksundersøkelse 1973 [4] og Private husholdningers forbruk 1973 [6]. I dette notatet vil vi presentera resultatata av 1975-undersøkinga og vurderer om dei synest rimelege. Det er ikkje aktuelt å publisere årlege forbrukstal, men ein vil - når 1976-resultata ligg føre - arbeida med å vega saman dei tre siste åra 1974-76 for publisering.

Det er ikkje store endringar i opplegget av 1975-undersøkinga i forhold til 1974. I staden for særutval, er det i 1975 samla inn mengdeoppgåver for mat- og drikkevarer. For å få mest mogleg samanliknbare oppgåver, har vi i 1975 bearbeidd data på same måten som tidlegare. Det er difor også kjørt ut same tabellar som i 1974, pluss eigne mengdetabellar.

I 1975 gjekk Byrået over til ny utvalsplan. Hushalda er difor trekte ut på ein annan måte enn tidlegare, men det er vanskeleg å vurderer om dette har influert noko på resultatata. I alt 1 648 hushald vart trekt ut. Av desse fekk vi ikkje svar på heile eller deler av undersøkinga frå 533 hushald eller 32 prosent. Fråfallet var til samanlikning 29 prosent i 1973 og 33 prosent for det generelle utvalet i 1974.

Som tidlegare viser det seg at fråfallet er størst blant einslege, i sommarmånadene og i storbyane (sjå tabell 1). I 1975 var fråfallet blant einslege heile 58 prosent mot 24 prosent for hushald med 2 eller fleire medlemmar. Fråfallet blant einslege ser ut til å ha auka jamt sidan 1973. I sommarmånadene var fråfallet 36 prosent mot 31 prosent elles, og 41 prosent av hushalda i storbyane falt frå mot 26 prosent i andre strøk.

Tabell 1. Fråfallet ved forbruksundersøkinga for hushald i grupper for personar pr. hushald/årstid for intervjuing/type bustadsstrøk. 1973-74. Prosent

| | 1973 | 1974 | 1975 |
|-------------------------------|------|------|------|
| I alt | 29 | 33 | 32 |
| Personar pr. hushald | | | |
| Einsleg | 49 | 54 | 58 |
| 2 eller fleire personar | 22 | 26 | 24 |
| Årstid | | | |
| Juni, juli, august | 35 | 36 | 36 |
| Elles | 27 | 32 | 31 |
| Type bustadsstrøk | | | |
| Oslo, Bergen, Trondheim | 43 | 43 | 41 |
| Elles | 25 | 30 | 26 |

Tabell 2. Fråfall ved forbruksundersøkinga etter årsak. 1973-75. Prosent

| | 1973 | 1974 | 1975 |
|-----------------------|------|------|------|
| I alt | 100 | 100 | 100 |
| Nekting | 50 | 46 | 42 |
| Sjukdom | 22 | 25 | 25 |
| Ikkje tilstades | 21 | 19 | 22 |
| Andre årsaker | 6 | 9 | 11 |
| Uoppgitt | 1 | 1 | 0 |

Ifølgje tabell 2 synest det som om folk i mindre grad enn før nektar å vera med i undersøkinga samtidig som andre fråfallsårsaker er aukande.

Innsamlingsmetode, korreksjon for fråfall og fråvær, definisjonar og klassifikasjonar er elles dei same som i 1974-undersøkinga (sjå ANO 76/40 [7]). Men inndelingane i tettbygd/spreiddbygd strøk er endra ved den nye utvalsplanen. Ein kommune er i 1975 rekna å vera tettbygd dersom minst 50 prosent av innbyggjarane bur i tettbygde strøk (dvs. i hussamlingar med minst 200 personar der husa står mindre enn 50 meter frå kvarandre). Resten av kommunane er rekne som spreiddbygde. Tidlegare vart den same definisjonen av tettbygd strøk nytta på ulike deler av kommunane.

II. Oversikt over forbruket i 1975 samanlikna med tidlegare år

Tabell 3 viser totalforbruk, standardavvik og variasjonskoeffisient for åra 1973-75 for 9 undergrupper av varer og tenester.

Tabell 3. Forbruksutgift pr. hushald pr. år, standardavvik og variasjonskoeffisient, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75

| Vare- og tenestegruppe | Forbruksutgift | | | Standardavvik | | | Variasjonskoeffisient ¹⁾ | | |
|---------------------------------|----------------|------------|------------|---------------|------------|------------|-------------------------------------|--------------|--------------|
| | 1973 Kr | 1974 Kr | 1975 Kr | 1973 Kr | 1974 Kr | 1975 Kr | 1973 Pst. | 1974 Pst. | 1975 Pst. |
| Total forbruksutgift | 36 832 | 40 523 | 44 060 | 796 | 1 204 | 936 | 2,2 | 3,0 | 2,1 |
| 0 Matvarer | 8 823 | 9 341 | 9 881 | 141 | 200 | 206 | 1,6 | 2,1 | 2,1 |
| 1 Drikkevarer og tobakk | 1 813 | 1 947 | 1 834 | 58 | 109 | 82 | 3,2 | 5,6 | 4,5 |
| 2 Klede og skoty | 3 881 | 4 196 | 4 347 | 111 | 228 | 173 | 2,9 | 5,4 | 4,0 |
| 3 Bustad, lys og brensel | 4 746 | 5 708 | 6 402 | 298 | 277 | 235 | 6,3 | 4,9 | 3,7 |
| 4 Møblar og hushaldsartiklar .. | 3 447 | 4 143 | 4 392 | 105 | 256 | 192 | 3,0 | 6,2 | 4,4 |
| 5 Helsepleie | 850 | 911 | 853 | 59 | 100 | 64 | 6,9 | 11,0 | 7,5 |
| 6 Reiser og transport | 7 181 | 7 048 | 8 085 | 261 | 347 | 379 | 3,6 | 4,9 | 4,7 |
| 7 Fritidssyslar og utdanning .. | 3 585 | 4 379 | 5 010 | 95 | 247 | 232 | 2,6 | 5,6 | 4,6 |
| 8 Andre varer og tenester | 2 506 | 2 850 | 3 256 | 112 | 190 | 175 | 4,5 | 6,7 | 5,4 |

1) Variasjonskoeffisienten = standardavviket/forbruksutgifta.

Standardavviket i 1975 er rekna ut som om utvalet var trekt i eit trinn. Arsaken til dette er at utvalet i 1975 er så lite at det er vanskeleg å estimera varianskomponenten mellom utvalsområda i eit to-trinnsutval. Utrekningar frå Sverige og England tyder likevel på at denne komponenten er heller liten slik at våre overslag er bort imot riktige.

Gjennomsnittshushaldet hadde i 1975 ifølgje forbruksundersøkinga ei total forbruksutgift på 44 060 kroner i løpande prisar. Standardavviket var 936 kroner slik at eit 95-prosent konfidensintervall er om lag 42 200 - 45 900 kroner.

Tabell 4 viser årlege endringstal i kroner og prosent. Gjennomsnittleg auka totalforbruket med om lag 3 500 kroner eller 8,7 prosent frå 1974 til 1975. Men slike endringstal er svært usikre (variasjonskoeffisient på 0,43). Eit 95-prosent konfidensintervall for endringane er heile 1,3-16,1 prosent. Forbruket for gjennomsnittshushaldet har altså auka frå 1974 til 1975, men ein slik konklusjon gir i grunnen svært liten informasjon i tillegg til kva vi veit frå før.

Drikkevarer og tobakk og helsepleie viser ein nedgang i forbruket i løpande prisar, og dette er vel ei lite rimeleg utvikling. Det same gjeld delvis matvarer, klede og skoty og møblar og hushaldsartiklar som berre viser ein liten auke frå 1974.

Samansetjinga av hushalda har ifølgje tabell 5 også endra seg frå 1974 til 1975. I 1975 har vi fått registrert relativt fleire einslege og andre hushald og færre ektepar med 2 eller fleire barn. Som følgje av dette har talet på personar pr. hushald gått ned frå 2,99 personar i 1974 til 2,79 personar i 1975. Slike observerte endringar kan skyldast at det faktisk har skjedd visse endringar i hushaldssamansetjinga, men årsaka vil først og fremst vera utvalsfeil.

Tabell 4. Endring i forbruksutgift pr. hushald, standardavvik, variasjonskoeffisient og 95 prosent-konfidensintervall på endringa, etter vare- og tenestegruppe.

| | Endring | | Standardavvik endring | | Variasjonskoeff. endring | | Prosentvis endring | | 95 prosent-konf. intervall på prosentvis endring | |
|-------------------------------------|---------|---------|-----------------------|---------|--------------------------|---------|--------------------|---------|--|------------|
| | 1973/74 | 1974/75 | 1973/74 | 1974/75 | 1973/74 | 1974/75 | 1973/74 | 1974/75 | 1973/74 | 1974/75 |
| | Kr | Kr | Kr | Kr | Pst. | Pst. | Pst. | Pst. | Pst. | Pst. |
| Total forbruks- utgift | 3 691 | 3 537 | 1 443 | 1 525 | 39,1 | 43,1 | 10,0 | 8,7 | 2,2-17,9 | 1,3-16,1 |
| 0 Matvarer | 518 | 540 | 245 | 287 | 47,3 | 53,1 | 5,9 | 5,8 | 0,3-11,4 | -0,2-11,8 |
| 1 Drikkevarer og tobakk | 134 | -113 | 119 | 136 | 88,8 | 120,4 | 7,4 | -5,8 | -5,7-20,5 | -19,5- 7,9 |
| 2 Klede og skoty | 315 | 151 | 254 | 286 | 80,6 | 189,4 | 8,1 | 3,6 | -5,0-21,2 | -9,8-17,0 |
| 3 Bustad, lys og brensel | 962 | 694 | 407 | 363 | 42,3 | 52,3 | 20,3 | 12,2 | 3,1-37,4 | -0,3-24,7 |
| 4 Møblar og hus- haldsartiklar . | 696 | 249 | 277 | 320 | 39,8 | 128,5 | 20,2 | 6,0 | 4,1-36,3 | -9,1-21,1 |
| 5 Helsepleie | 61 | -58 | 116 | 119 | 190,2 | 205,2 | 7,3 | -6,4 | -20,0-34,5 | -32,0-19,2 |
| 6 Reiser og transport | -133 | 1 037 | 434 | 514 | 326,3 | 49,6 | -1,9 | 14,7 | -13,9-10,2 | 0,4-29,0 |
| 7 Fritidssyslar og utdanning .. | 794 | 631 | 265 | 339 | 33,4 | 53,7 | 22,2 | 14,4 | 7,4-36,9 | -0,8-29,6 |
| 8 Andre varer og tenester | 344 | 406 | 221 | 258 | 64,2 | 63,5 | 13,7 | 14,2 | -3,9-31,4 | -3,5-31,9 |

Tabell 5. Hushald i forbruksundersøkinga, etter type hushald. 1973-75. Prosent

| | 1973 | 1974 | 1975 |
|---------------------------------------|------|------|------|
| I alt | 100 | 100 | 100 |
| Einslege | 22,0 | 19,2 | 24,3 |
| Ektepar utan barn | 21,6 | 22,5 | 20,2 |
| Ektepar med 1 barn | 7,4 | 6,9 | 7,8 |
| Ektepar med 2 barn | 10,4 | 11,5 | 7,9 |
| Ektepar med 3 eller fleire barn | 7,5 | 9,6 | 4,7 |
| Andre | 33,3 | 30,3 | 35,1 |

Utan omsyn til kva som ligg bak endringar i hushaldssamansetjinga, så vil dei spela ei viss rolle for estimering av endringstal, då ein del av endringa nå vil skyldast endring i samansetjinga av hushalda. Det kan diskuteras om og i tilfelle korleis vi skal ta omsyn til dette, men for å illustrera kva det kan bety, har vi gjort nokre få utrekningar. Mens totalforbruket i tabell 4 viser ein auke på 10 prosent frå 1973 til 1974 og 8,7 prosent frå 1974 til 1975, viser forbruket pr. person ein auke på 6 prosent frå 1973 til 1974 og 16,5 prosent frå 1974 til 1975. Eller vi kan rekna ut gjennomsnittsförbruket i kvar hushaldstype og bruka samansetjinga i 1973 som vektorer i 1974 og 1975. Dette gir følgjande tal for total forbruksutgift:

| | Ukorrigerde tal | Korrigerde tal |
|---------------------------------|-----------------|----------------|
| 1973 (kr) | 36 832 | 36 832 |
| 1974 (kr) | 40 523 | 39 937 |
| 1975 (kr) | 44 060 | 44 816 |
| Endring 1973/74 (prosent) | 10,0 | 8,4 |
| Endring 1974/75 (prosent) | 8,7 | 12,2 |

Samanlikna med prisutvikling og andre oppgåver (som vi kjem tilbake til seinare), synest dei korrigererte tala å liggja nærare den forventta utviklinga i total forbruksutgift enn dei ukorrigererte tala. Men eventuelle korreksjonar her er noko som vel bør vurderast nærare når tala for årlege undersøkingar skal offentliggjerd.

Tabell 6 viser samansetjinga av forbruket i 1973-75 samt standardavvik på budsjettprosentar og endringar i desse. Utviklinga i budsjettprosentane er vidare framstilt i figuren side 10.

Tabell 6. Budsjettandelen og standardavvik etter vare- og tenestegruppe. 1973-75. Prosent

| Vare- og tenestegruppe | Budsjettprosentar | | | Standardavvik | | | Standardavvik på endring | | |
|------------------------------------|-------------------|-------|-------|---------------|------|------|--------------------------|---------|---------|
| | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973/74 | 1974/75 | 1973/75 |
| Total forbruksutgift | 100,0 | 100,0 | 100,0 | | | | | | |
| 0 Matvarer | 24,0 | 23,1 | 22,4 | 0,28 | 0,40 | 0,40 | 0,49 | 0,57 | 0,49 |
| 1 Drikkevarer og tobakk | 4,9 | 4,8 | 4,2 | 0,10 | 0,17 | 0,15 | 0,20 | 0,23 | 0,18 |
| 2 Klede og skoty | 10,5 | 10,3 | 9,9 | 0,20 | 0,38 | 0,31 | 0,43 | 0,49 | 0,37 |
| 3 Bustad, lys og brensel | 12,9 | 14,1 | 14,5 | 0,56 | 0,40 | 0,44 | 0,69 | 0,59 | 0,71 |
| 4 Møblar og hushaldsartiklar | 9,4 | 10,2 | 10,0 | 0,19 | 0,42 | 0,34 | 0,46 | 0,54 | 0,39 |
| 5 Helsepleie | 2,3 | 2,3 | 1,9 | 0,14 | 0,23 | 0,13 | 0,27 | 0,27 | 0,19 |
| 6 Reiser og transport | 19,5 | 17,4 | 18,3 | 0,42 | 0,59 | 0,66 | 0,72 | 0,89 | 0,78 |
| 7 Fritidssyslar og utdanning | 9,7 | 10,8 | 11,4 | 0,20 | 0,47 | 0,42 | 0,51 | 0,63 | 0,47 |
| 8 Andre varer og tenester | 6,8 | 7,0 | 7,4 | 0,19 | 0,33 | 0,32 | 0,38 | 0,46 | 0,37 |

Standardavviket på budsjettprosentane er rekna ut av formelen (jmf. side 29-33 i [1])

$$s_{\hat{\alpha}_j} = \frac{1}{\sqrt{ny}} \sqrt{\frac{\sum_{i=1}^n (X_{ij} - \hat{\alpha}_j y_i)^2}{n-1}}$$

der

$$\hat{\alpha}_j = \frac{\bar{x}_j}{\bar{y}} = \text{gjennomsnittleg budsjettprosent for vare- og tenestegruppe } j \text{ (} j=0, 1, \dots, 8 \text{)}$$

x_{ij} = utgifter til vare- og tenestegruppe j i hushald i ($i=1, \dots, n$)

\bar{x}_j = gjennomsnittleg forbruk av vare- og tenestegruppe j

y_i = total forbruksutgift i hushald i

\bar{y} = gjennomsnittleg total forbruksutgift

Som vi ser er standardavviket på budsjettprosentane relativt små. Dette betyr at vi kan trekkja relativt sikre slutningar om endringar i utgiftssamansetjinga på grunnlag av observerte endringar som er større enn frå 0,3 til 1,3 prosentpoeng avhengig av vare- og tenestegruppe (1,64 gonger standardavviket). Dei fleste endringane i budsjettprosentane frå 1973 til 1975 i tabell 6 er såleis statistisk sikre. Dessutan ser vi at alle budsjettprosentane med unntak av gruppene møblar og hushaldsartiklar og reiser og transport har endra seg i same retninga frå 1974 til 1975 som frå 1973 til 1974. Figuren side 10 viser også at dei fleste av desse vare- og tenestegruppene har hatt same utviklingstendensen i perioden 1958-73. Dette styrkar oss i trua på at dei observerte endringane i perioden er reelle - eller iallfall at det har skjedd reelle endringar og at forbruksundersøkinga viser riktig retning på desse endringane.

Det kan kanskje synast noko uventa at standardavvika på budsjettprosentane er så små. Men variasjonskoeffisientane for nivå og endring i budsjettprosentane er om lag like store som variasjonskoeffisientane for nivå og endring i totalutgiftene. Dette betyr at vi kan seia om lag like mykje med omsyn til om endring i budsjettprosentar og totalutgifter er statistisk sikre. Likevel er det stor skilnad her når dei observerte endringane er statistisk utsegnskraftige. Dersom vi veit at prisar og inntekter har auka sterkt frå eit år til eit anna, er det lite interessant å konkludera med at f.eks. matvareutgiftene i forbruksundersøkinga har auka i løpande prisar - men at det er usikkert kor mykje dei har auka. Derimot er det svært viktig å kunna konkludera med at matvareprosenten har gått ned sjølv om vi ikkje kan seia sikkert kor stor nedgangen er. Vi kan difor leggja ei viss vekt på endringane i tabell 6.

Matvareprosenten har gått jamt ned sidan 1958-undersøkinga og har også fortsatt å synka siste året. Også utgiftsprosenten til klede og skoty, bustad, lys og brensel, fritidssyslar og utdanning og andre varer og tenester viser same utviklinga frå 1974 til 1975 som for tidlegare år.

Utgiftane til reiser og transport viste ein relativ nedgang frå 1973 til 1974 men aukar igjen i 1975. Det er stor varians i denne gruppa slik at det ikkje er urimeleg med noko større variasjon i budsjettprosenten her. Samtidig veit vi at bensinforbruket gjekk ned under oljekrisa i 1974, men at oljeselskapa nå registrerer om lag same bensinforbruk som før oljekrisa. Utviklinga i budsjettprosenten dei siste åra for gruppa reiser og transport synest difor ikkje urimeleg.

Når det gjeld gruppa møblar og hushaldsartiklar, har denne tidlegare utgjort ein aukande del av totalforbruket. For 1975 er det likevel ein liten nedgang i forhold til 1974. Drikkevarer og tobakk og helsepleie viser relativ nedgang dei siste åra (som dei gjorde frå 1973 til 1974), men utgiftene til desse to gruppene i 1975 er sannsynlegvis noko underestimerte då utgiftene viser ein nedgang i løpande prisar.

Tabell 24 viser tilsvarande forbruksutgift og budsjettprosentar for 37 konsumvaregrupper. Ein ser av denne tabellen at budsjettprosentane for dei aller fleste gruppene viser ei rimeleg utvikling frå 1974 til 1975 samanlikna med tidlegare år. Vi skal her berre kort nemna nokre grupper der budsjettprosenten viser ei litt uventa endring. Grønsaker, frukt og bær har vist ein jamn nedgang fram til 1974 mens budsjettprosenten i 1975 har gått litt opp. Møblar og golvteppe har på si side tidlegare lagt beslag på ein stigande del av totalforbruket, men viser ein nedgang i 1975. Dessutan viser budsjettprosentane for dei fire gruppene under reiser og transport ei ujamn utvikling. Når det gjeld kjøp, drift og vedlikehold av transportmiddel, var utgiftene svært låge i 1974 (m.a. på grunn av oljekrisa), og det synest rimeleg at 1975-resultatet ligg noko høgare. Men budsjettprosenten for kjøp av transportmiddel er likevel godt under 1973-nivået. Bruk av offentlege transportmiddel viser også ei noko ujamn utvikling over åra, men prosentten har svinga rundt 2,8-3,0 prosent i alle åra sidan 1958. Porto, telefon og telegram har derimot vist ein aukande prosent fram til 1974, men er gått noko ned i 1975.

Av dei 37 undergruppene er det altså berre 6 grupper som viser ei noko uvanleg utvikling i budsjettprosenten. Men ingen av budsjettprosentane for desse gruppene ser heilt urimelege ut. Den totale forbrukssamansetjinga i 1975 slik ho er registrert i forbruksundersøkinga, synest altså å vera rimeleg samanlikna med tidlegare år.

Det kan også vera av ei viss interesse i denne samanhengen å sjå på forbrukssamansetjinga for ulike hushaldsgrupper samanlikna med tidlegare år. Då det har i fleire grupper er relativt få hushald, vert tala meir usikre og ein del årleg variasjon må vi rekna med. Likevel bør vi også for ulike hushaldsgrupper venta å finne om lag same forbruksmønster i 1975 som tidlegare. Ein har i ANO 76/40 gått grundig gjennom dette for 1974-undersøkinga og det skulle ikkje vera grunn til å bruke mykje plass her på ei tilsvarande samanlikning.

I tabell 7-12 har vi stilt opp forbrukssamansetjinga i 1973-75 for hushald i grupper for type hushald, hovudinntektstakars alder og yrkesstatus, total forbruksutgift og om hushaldet bur i tettbygd eller spreiddbygd strøk. Ved å gå gjennom desse tabellane, ser vi at same konklusjon som er trekt for 1974-resultata, også kan trekkjast for 1975-tala. Det er få store uventa endringar i forbruksmønsteret for dei ulike hushaldsgruppene sett i forhold til det vi veit frå før om forbruket i desse gruppene. Forbrukssamansetjinga i 1974 og 1975 viser kanskje visse skilnader, men desse må først og fremst tilskrivast variansen på resultatata.

Tabell 7. Total forbruksutgift og budsjettprosentar for hushald i ulike grupper for type hushald, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75

| | Einsleg | | | Ektepar utan barn | | | Ektepar m/l barn | | |
|------------------------------------|---------|--------|--------|-------------------|--------|--------|------------------|--------|--------|
| | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 |
| I alt | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |
| 0 Matvarer | 22,8 | 21,0 | 19,9 | 23,4 | 24,0 | 22,6 | 22,3 | 22,1 | 19,0 |
| 1 Drikkevarer og tobakk | 4,7 | 4,9 | 3,8 | 5,7 | 5,9 | 4,3 | 4,5 | 5,1 | 3,7 |
| 2 Klede og skoty | 10,3 | 10,0 | 8,4 | 8,8 | 9,4 | 8,4 | 9,7 | 9,1 | 10,7 |
| 3 Bustad, lys og brensel | 18,5 | 18,5 | 17,9 | 13,7 | 16,3 | 15,3 | 13,6 | 14,8 | 17,8 |
| 4 Møblar og hushaldsartiklar | 9,6 | 8,5 | 9,6 | 10,2 | 9,8 | 11,0 | 11,8 | 10,7 | 11,9 |
| 5 Helsepleie | 3,0 | 1,6 | 2,4 | 2,6 | 2,7 | 1,7 | 2,0 | 1,8 | 2,0 |
| 6 Reiser og transport | 13,5 | 16,3 | 16,8 | 19,8 | 16,0 | 20,2 | 18,9 | 21,6 | 17,2 |
| 7 Fritidssyslar og utdanning | 9,7 | 11,4 | 11,2 | 9,2 | 9,9 | 10,7 | 10,2 | 8,7 | 9,1 |
| 8 Andre varer og tenester | 7,9 | 7,8 | 10,0 | 6,6 | 6,0 | 5,8 | 6,9 | 6,0 | 8,6 |
| Total forbruksutgift | 16 645 | 20 096 | 21 675 | 31 515 | 32 715 | 37 223 | 42 353 | 41 470 | 54 095 |
| Arleg endring | | 20,7 | 7,9 | | 3,8 | 13,8 | | -2,1 | 30,4 |
| Talet på hushald | 545 | 140 | 175 | 705 | 217 | 237 | 280 | 69 | 105 |

Tabell 8. Total forbruksutgift og budsjettprosentar for hushald i ulike grupper for hovudinntekts-takars alder, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75

| | Under 30 år | | | 30-39 år | | | 40-49 år | | |
|------------------------------------|-------------|--------|--------|----------|--------|--------|----------|--------|--------|
| | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 |
| I alt | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |
| 0 Matvarer | 19,6 | 18,7 | 18,2 | 22,9 | 20,1 | 21,6 | 23,8 | 24,6 | 23,0 |
| 1 Drikkevarer og tobakk | 5,1 | 5,2 | 4,7 | 4,3 | 4,5 | 4,5 | 5,4 | 4,6 | 4,4 |
| 2 Klede og skoty | 8,6 | 7,1 | 10,0 | 10,5 | 10,2 | 10,1 | 11,3 | 10,7 | 10,7 |
| 3 Bustad, lys og brensel | 14,4 | 16,9 | 14,6 | 13,6 | 13,4 | 15,4 | 12,9 | 12,7 | 13,1 |
| 4 Møblar og hushaldsartiklar | 11,6 | 13,8 | 11,5 | 9,6 | 11,3 | 11,1 | 8,5 | 9,0 | 8,7 |
| 5 Helsepleie | 1,5 | 1,8 | 1,9 | 1,9 | 1,5 | 1,8 | 2,6 | 2,2 | 1,5 |
| 6 Reiser og transport | 22,8 | 18,1 | 19,0 | 21,3 | 20,6 | 17,4 | 18,5 | 16,2 | 17,0 |
| 7 Fritidssyslar og utdanning | 9,1 | 9,2 | 10,3 | 10,1 | 11,1 | 11,1 | 10,4 | 11,9 | 13,4 |
| 8 Andre varer og tenester | 7,3 | 7,2 | 10,0 | 5,8 | 7,4 | 7,1 | 6,7 | 8,0 | 8,2 |
| Total forbruksutgift | 36 272 | 40 526 | 45 291 | 45 110 | 53 122 | 57 045 | 49 590 | 53 406 | 56 108 |
| Arleg endring. Prosent | | 11,7 | 11,8 | | 17,8 | 7,4 | | 7,7 | 3,1 |
| Talet på hushald | 406 | 115 | 121 | 555 | 479 | 185 | 605 | 350 | 189 |
| Personar pr. hushald | 2,65 | 2,76 | 2,59 | 4,01 | 3,98 | 3,67 | 4,01 | 4,07 | 4,02 |

Tabell 9. Total forbruksutgift og budsjettprosentar for hushald i ulike storleiksgrupper for total forbruksutgift, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75


| | Under 10 000 | | | 10 000 - 14 999 | | | 15 000 - 19 999 | | | 20 000 - 29 999 | | |
|------------------------------------|--------------|-------|-------|-----------------|--------|--------|-----------------|--------|--------|-----------------|--------|--------|
| | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 |
| I alt | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |
| 0 Matvarer | 43,2 | 43,7 | 42,7 | 37,0 | 35,7 | 34,9 | 31,7 | 31,3 | 30,2 | 29,7 | 30,1 | 28,4 |
| 1 Drikkevarer og tobakk | 5,1 | 2,6 | 4,6 | 4,3 | 5,5 | 3,1 | 5,0 | 4,7 | 3,7 | 5,4 | 4,3 | 4,3 |
| 2 Klede og skoty | 5,4 | 5,8 | 5,0 | 8,4 | 6,8 | 11,3 | 8,7 | 8,5 | 9,5 | 10,2 | 9,4 | 8,5 |
| 3 Bustad, lys og brensel | 23,9 | 26,4 | 23,3 | 18,1 | 23,6 | 23,7 | 16,4 | 17,6 | 18,7 | 14,0 | 16,3 | 18,8 |
| 4 Møblar og hushaldsartiklar | 7,2 | 7,4 | 7,9 | 8,7 | 7,9 | 9,2 | 9,8 | 8,4 | 8,4 | 9,8 | 10,3 | 9,2 |
| 5 Helsepleie | 1,9 | 3,4 | 2,5 | 1,9 | 2,1 | 1,1 | 2,1 | 2,3 | 1,7 | 2,2 | 2,2 | 2,5 |
| 6 Reiser og transport | 3,9 | -0,5 | 4,9 | 7,6 | 6,1 | 2,2 | 9,7 | 13,1 | 11,5 | 11,9 | 11,1 | 12,2 |
| 7 Fritidssyslar og utdanning | 5,4 | 7,2 | 5,4 | 8,8 | 7,8 | 9,1 | 10,0 | 8,2 | 10,3 | 10,2 | 10,3 | 10,4 |
| 8 Andre varer og tenester | 4,1 | 4,0 | 3,8 | 5,2 | 4,4 | 5,3 | 6,4 | 5,8 | 6,0 | 6,6 | 5,4 | 5,8 |
| Total forbruksutgift | 6 930 | 7 325 | 7 342 | 12 687 | 12 707 | 12 420 | 17 358 | 17 435 | 17 674 | 25 033 | 24 901 | 24 844 |
| Talet på hushald | 246 | 54 | 50 | 297 | 63 | 73 | 313 | 105 | 85 | 649 | 230 | 173 |
| Personar pr. hushald | 1,27 | 1,50 | 1,26 | 1,63 | 1,55 | 1,50 | 1,89 | 1,95 | 1,93 | 2,70 | 2,73 | 2,09 |

| Ektepar m/2 barn | | | Ektepar m/3 eller fleire barn | | | Andre hushald | | |
|------------------|--------|--------|-------------------------------|--------|--------|---------------|--------|--------|
| 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 |
| 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |
| 22,8 | 20,4 | 22,2 | 26,3 | 25,6 | 28,2 | 24,6 | 23,5 | 23,1 |
| 4,1 | 3,9 | 5,1 | 4,3 | 4,0 | 3,1 | 5,1 | 4,8 | 4,2 |
| 9,8 | 11,4 | 11,0 | 11,9 | 10,8 | 10,1 | 11,4 | 10,6 | 10,3 |
| 15,2 | 14,1 | 14,8 | 11,8 | 13,0 | 16,9 | 10,6 | 12,1 | 12,3 |
| 9,4 | 13,1 | 11,7 | 9,3 | 11,6 | 9,8 | 8,4 | 9,2 | 8,9 |
| 2,1 | 2,4 | 2,1 | 1,7 | 1,9 | 1,8 | 2,3 | 2,3 | 1,9 |
| 21,7 | 18,9 | 15,5 | 19,5 | 14,4 | 14,6 | 20,2 | 17,9 | 19,4 |
| 9,3 | 9,5 | 10,3 | 9,7 | 12,2 | 10,7 | 10,0 | 11,5 | 12,5 |
| 5,6 | 6,3 | 7,3 | 5,5 | 6,5 | 4,7 | 7,3 | 8,0 | 7,4 |
| 46 664 | 52 414 | 59 039 | 46 532 | 52 681 | 53 114 | 47 167 | 50 651 | 56 694 |
| | 12,3 | 12,6 | | 13,2 | 0,8 | | 7,4 | 11,9 |
| 394 | 117 | 107 | 289 | 604 | 64 | 1 150 | 322 | 427 |

| 50-59 år | | | 60-66 år | | | 67 år og over | | |
|----------|--------|--------|----------|--------|--------|---------------|--------|--------|
| 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 |
| 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |
| 24,5 | 22,4 | 22,3 | 25,9 | 24,4 | 22,8 | 27,4 | 30,4 | 26,6 |
| 5,2 | 5,5 | 4,3 | 4,9 | 5,2 | 3,6 | 4,4 | 3,6 | 3,2 |
| 11,6 | 11,2 | 10,1 | 10,1 | 10,2 | 9,2 | 9,4 | 9,7 | 8,4 |
| 10,9 | 12,9 | 13,2 | 11,4 | 15,0 | 14,5 | 15,8 | 17,0 | 18,4 |
| 8,8 | 9,8 | 9,2 | 8,8 | 9,3 | 10,2 | 9,9 | 8,6 | 10,3 |
| 2,1 | 3,0 | 2,3 | 2,9 | 2,7 | 2,1 | 3,2 | 2,2 | 2,0 |
| 20,0 | 17,6 | 19,5 | 18,9 | 17,2 | 21,1 | 14,7 | 12,6 | 15,9 |
| 9,1 | 10,9 | 11,3 | 9,8 | 9,5 | 10,5 | 9,7 | 10,9 | 10,5 |
| 7,8 | 6,7 | 7,7 | 7,4 | 6,6 | 6,1 | 5,5 | 5,1 | 4,8 |
| 41 180 | 44 404 | 47 294 | 30 578 | 32 811 | 39 163 | 20 690 | 20 806 | 24 857 |
| | 7,8 | 6,5 | | 7,3 | 19,4 | | 0,6 | 19,5 |
| 716 | 212 | 263 | 446 | 138 | 153 | 635 | 175 | 204 |
| 2,94 | 3,13 | 2,77 | 2,18 | 2,26 | 2,24 | 1,72 | 1,81 | 1,76 |

| 30 000 - 44 999 | | | 45 000 - 59 999 | | | 60 000 - 79 999 | | | 80 000 og over | | |
|-----------------|--------|--------|-----------------|--------|--------|-----------------|--------|--------|----------------|---------|---------|
| 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 |
| 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |
| 26,4 | 25,9 | 26,1 | 22,7 | 22,1 | 24,4 | 19,6 | 18,2 | 19,8 | 15,7 | 17,6 | 16,0 |
| 5,2 | 4,9 | 4,5 | 5,0 | 4,8 | 4,1 | 4,7 | 4,0 | 3,8 | 4,5 | 5,3 | 4,4 |
| 11,6 | 11,0 | 9,9 | 10,8 | 10,1 | 10,9 | 10,6 | 12,2 | 10,1 | 10,5 | 10,0 | 9,6 |
| 12,4 | 14,8 | 14,7 | 11,0 | 13,4 | 14,2 | 11,0 | 15,0 | 12,6 | 13,4 | 9,8 | 13,0 |
| 9,4 | 9,6 | 9,1 | 9,7 | 10,4 | 10,4 | 9,2 | 11,3 | 10,3 | 9,0 | 10,4 | 10,6 |
| 2,1 | 1,9 | 2,4 | 2,4 | 1,8 | 2,2 | 2,1 | 2,5 | 2,2 | 2,9 | 2,7 | 1,3 |
| 16,4 | 15,1 | 16,0 | 22,5 | 19,2 | 15,9 | 25,8 | 19,9 | 24,9 | 26,4 | 21,9 | 21,4 |
| 10,4 | 10,3 | 10,5 | 9,6 | 11,1 | 12,1 | 10,0 | 10,1 | 9,3 | 8,9 | 12,9 | 13,8 |
| 6,2 | 6,4 | 6,7 | 6,3 | 7,1 | 5,8 | 7,0 | 6,7 | 7,1 | 8,7 | 9,4 | 9,9 |
| 36 868 | 37 025 | 38 318 | 51 440 | 52 536 | 51 328 | 68 000 | 67 977 | 68 430 | 107 553 | 101 693 | 107 283 |
| 833 | 397 | 267 | 480 | 297 | 168 | 324 | 179 | 156 | 221 | 144 | 143 |
| 3,39 | 3,26 | 3,09 | 3,70 | 3,59 | 3,37 | 3,92 | 3,87 | 3,66 | 4,10 | 4,26 | 3,87 |

Utviklinga i budsjettprosentar frå 1958-1975 for 9 hovudgrupper av varer og tenester



Tabell 10. Total forbruksutgift og budsjettprosentar for hushald i ulike grupper for hovudinntekstakarens yrkesstatus, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75

| | Sjølstendige næringsdrivande i jordbruk, skogbruk, fiske | | | Sjølstendig næringsdrivande elles | | | Lønsmottakarar | | | Ikkje yrkesaktive | | |
|------------------------------|--|--------|--------|-----------------------------------|--------|--------|----------------|--------|--------|-------------------|--------|--------|
| | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 |
| I alt | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |
| 0 Matvarer ... | 28,2 | 27,3 | 28,1 | 24,1 | 23,2 | 22,0 | 22,8 | 21,4 | 20,8 | 26,3 | 28,0 | 26,5 |
| 1 Drikkevarer og tobakk .. | 3,9 | 4,7 | 3,7 | 5,6 | 4,4 | 3,9 | 5,1 | 5,0 | 4,4 | 4,5 | 4,1 | 3,7 |
| 2 Klede og skoty | 11,7 | 12,1 | 9,5 | 12,0 | 11,4 | 10,8 | 10,5 | 10,5 | 9,9 | 9,9 | 8,8 | 9,7 |
| 3 Bustad, lys og brensel . | 9,2 | 10,1 | 12,1 | 10,3 | 13,0 | 13,5 | 12,3 | 13,9 | 14,5 | 16,4 | 16,3 | 15,8 |
| 4 Møblar og hush.art. .. | 9,7 | 11,5 | 8,0 | 8,4 | 10,2 | 10,9 | 9,3 | 10,3 | 10,0 | 9,7 | 9,6 | 10,2 |
| 5 Helsepleie . | 2,1 | 1,7 | 2,4 | 1,7 | 3,0 | 1,4 | 2,3 | 2,0 | 1,9 | 2,7 | 3,1 | 2,1 |
| 6 Reiser og transport .. | 19,6 | 16,3 | 21,6 | 19,4 | 19,4 | 21,3 | 20,8 | 18,3 | 18,6 | 15,6 | 13,0 | 15,4 |
| 7 Fritidssyslar og utd. | 10,3 | 8,1 | 10,0 | 11,7 | 9,7 | 9,5 | 9,7 | 11,2 | 11,9 | 8,8 | 10,7 | 10,7 |
| 8 Andre varer og tenester | 5,4 | 8,3 | 4,6 | 6,7 | 5,8 | 6,6 | 7,2 | 7,3 | 8,1 | 6,0 | 6,3 | 6,1 |
| Total forbruksutgift | 34 046 | 34 972 | 38 341 | 44 570 | 47 666 | 58 283 | 43 064 | 47 679 | 51 167 | 25 053 | 25 123 | 29 006 |
| Årleg endring. Prosent | | 2,7 | 12,6 | | 6,9 | 22,3 | | 10,7 | 7,3 | | 0,3 | 15,5 |
| Talet på hushald | 235 | 113 | 74 | 236 | 126 | 69 | 1 893 | 927 | 667 | 999 | 303 | 305 |
| Personar pr. hushald | 3,65 | 3,59 | 3,60 | 3,47 | 3,72 | 3,16 | 3,21 | 3,30 | 3,07 | 2,05 | 2,05 | 2,02 |

Tabell 11. Total forbruksutgift og budsjettprosentar for hushald i ulike grupper for bustadstrøk, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75

| | Spreiddbygd strøk | | | Tettbygd strøk | | |
|------------------------------------|-------------------|--------|--------|----------------|--------|--------|
| | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 |
| I alt | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |
| 0 Matvarer | 26,4 | 26,4 | 25,8 | 22,7 | 21,3 | 21,4 |
| 1 Drikkevarer og tobakk | 4,1 | 3,9 | 3,4 | 5,3 | 5,3 | 4,4 |
| 2 Klede og skoty | 10,5 | 11,3 | 10,4 | 10,5 | 9,9 | 9,7 |
| 3 Bustad, lys og brensel | 11,0 | 11,9 | 12,5 | 13,8 | 15,2 | 15,1 |
| 4 Møblar og hushaldsartiklar | 9,7 | 10,8 | 11,3 | 9,2 | 9,9 | 7,6 |
| 5 Helsepleie | 2,2 | 2,5 | 1,6 | 2,4 | 2,1 | 2,0 |
| 6 Reiser og transport | 20,8 | 17,8 | 18,0 | 18,8 | 17,2 | 18,5 |
| 7 Fritidssyslar og utdanning | 9,3 | 9,5 | 11,8 | 10,0 | 11,5 | 11,2 |
| 8 Andre varer og tenester | 5,9 | 6,0 | 5,2 | 7,3 | 7,6 | 8,1 |
| Total forbruksutgift | 32 514 | 35 124 | 37 835 | 39 518 | 44 058 | 46 382 |
| Årleg endring. Prosent | | 8,0 | 7,7 | | 11,5 | 5,3 |
| Talet på hushald | 1 437 | 724 | 320 | 1 926 | 745 | 795 |
| Personar pr. hushald | 3,12 | 3,20 | 3,15 | 2,74 | 2,86 | 2,67 |

Tabell 12. Total forbruksutgift og budsjettprosentar for hushald i ulike handelsfelt, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75

| | Austre handelsfelt | | | Vestre handelsfelt | | | Midtre handelsfelt | | | Nordre handelsfelt | | |
|------------------------------|--------------------|--------|--------|--------------------|--------|--------|--------------------|--------|--------|--------------------|--------|--------|
| | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 | 1973 | 1974 | 1975 |
| I alt | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |
| 0 Matvarer ... | 23,0 | 21,7 | 21,7 | 25,8 | 24,5 | 23,1 | 24,1 | 25,9 | 23,6 | 25,6 | 25,3 | 23,5 |
| 1 Drikkevarer og tobakk .. | 5,3 | 5,3 | 4,7 | 4,3 | 4,5 | 3,8 | 4,0 | 3,8 | 3,2 | 5,0 | 3,8 | 2,9 |
| 2 Klede og skoty | 9,8 | 9,9 | 9,3 | 11,6 | 11,6 | 10,2 | 11,6 | 10,8 | 11,0 | 11,3 | 9,5 | 10,7 |
| 3 Bustad, lys og brensel . | 14,0 | 15,2 | 15,0 | 10,8 | 12,5 | 12,8 | 12,8 | 12,2 | 15,3 | 10,3 | 13,2 | 15,8 |
| 4 Møblar og hush.art. ... | 9,3 | 9,7 | 9,6 | 9,3 | 11,9 | 9,9 | 9,8 | 10,9 | 11,2 | 9,7 | 9,0 | 10,7 |
| 5 Helsepleie . | 2,4 | 2,4 | 2,0 | 2,5 | 2,4 | 1,8 | 1,9 | 1,7 | 1,9 | 1,8 | 1,5 | 2,1 |
| 6 Reiser og transport .. | 18,9 | 17,8 | 18,6 | 20,0 | 15,1 | 18,6 | 20,6 | 20,7 | 17,7 | 20,8 | 16,4 | 17,1 |
| 7 Fritidssyslar og utd. | 10,0 | 11,0 | 11,1 | 9,2 | 10,5 | 12,7 | 9,5 | 8,2 | 10,1 | 9,3 | 13,4 | 10,8 |
| 8 Andre varer og tenester | 7,2 | 7,1 | 7,9 | 6,6 | 7,0 | 7,1 | 5,6 | 5,8 | 6,2 | 6,3 | 7,9 | 6,5 |
| Total forbruksavgift | 37 234 | 40 601 | 44 764 | 37 373 | 44 049 | 46 635 | 34 104 | 34 320 | 36 824 | 36 947 | 40 682 | 44 703 |
| Årleg endring. Prosent | | 9,0 | 10,3 | | 17,9 | 5,9 | | 0,6 | 7,3 | | 10,1 | 9,9 |
| Talet på hushald | 1 901 | 728 | 589 | 676 | 368 | 271 | 450 | 215 | 163 | 336 | 158 | 92 |
| Personar pr. hushald | 2,70 | 2,83 | 2,68 | 3,29 | 3,33 | 2,93 | 3,03 | 3,11 | 2,80 | 2,98 | 3,14 | 3,09 |

III. Forbruksutgiftene samanlikna med utviklinga i prisar og inntekt

Eit spørsmål er i kor stor grad vi kan stola på den forbrukssamansetjinga vi har fått i 1975. Eit anna og vel vanskelegare spørsmål er om nivået på totalutgiftene er rimeleg. Som vi har sett i kapittel II, er det store variansar på endringstala frå år til år og vi kan ut frå dette vanskeleg seia noko sikkert om den faktiske utviklinga. Likevel bør vi kunna seia noko om den observerte endringa er rimeleg eller ikkje ved å samanlikna nivåtalet i 1975 med andre kjente oppgaver. Vi vil i det følgjande sjå nærare på fem ulike statistikkar: konsumprisindeks og inntekt, privat forbruk i nasjonalrekneskapen og jordbruksstatistikk og alkoholstatistikk når det gjeld mengdeoppgåver for mat- og drikkevarer.

Tabell 13 viser endringane i gjennomsnittleg forbruksutgift i løpande og faste prisar frå 1973 til 1974 og frå 1974 til 1975. Prisendringane er tatt frå konsumprisindeksen [9]. Total forbruksutgift auka med 8,7 prosent frå 1974 til 1975 mens konsumprisindeksen viste ein auke på 11,7 prosent. I faste prisar gjekk difor totalforbruket ned med 2,7 prosent frå 1974 til 1975.

Frå 1973 til 1974 auka totalforbruket med 10 prosent i løpande prisar og 0,5 prosent i faste prisar. Auken i totalforbruket frå 1974 til 1975 er altså lågare enn året før både rekna i løpande og faste prisar. Men variansane på endringstala er som vi har sett store. Eit 95 prosent-konfidensintervall på prosentvis endring i faste prisar frå 1974 til 1975 gir yttergrensene på om lag 10 prosent nedgang og 4 prosent auke. Tilsvarende intervall for 1973/74 var 6,6 prosent nedgang og 7,8 prosent auke.

Berre utgiftene til bustad, lys og brensel, reiser og transport og fritidssyslar og utdanning viser i tabell 13 ein auke i faste prisar frå 1974 til 1975. Drikkevarer og tobakk og helsepleie viser på si side ein nedgang på nesten 20 prosent, mens dei andre gruppene viser mindre nedgang.

Frå 1974 til 1975 viste Norsk Arbeidsgiverforening sin statistikk over gjennomsnittleg timefor-teneste for voksne mannlege arbeidrarar i industrien ein nominell auke på 25,2 prosent (jmf. tabell 70 i [11]). Tabell 71 i same publikasjon viser at andre lønstakarar stort sett hadde ein auke i gjennomsnittsløna på 15-20 prosent same året. Og i tabell 72 er auken i disponibel realinntekt for ulike hushaldsgrupper rekna ut til mellom 5 og 7 prosent frå 1974 til 1975. Både den nominelle og reelle lønsauken synest dessutan å vera litt høgare frå 1974 til 1975 enn året før. Det er vanskeleg å seia eksakt korleis ei endring i disponibel realinntekt vil slå ut i forbruket. Men likevel synest auken i total forbruksutgift ut frå den pris- og lønsauken vi har hatt i perioden 1973-75 noko låg for begge desse åra - og lågast for det siste året.

Tabell 13. Total forbruksutgift og årleg prosentvis endring i løpande og faste prisar, etter vare- og tenestegruppe. 1973-75

| Vare- og teneste- gruppe | Forbruksutgift | | | Prosentvis endring 1973/1974 | | | Prosentvis endring 1974/1975 | | |
|---|----------------|--------|--------|---------------------------------|-----------------|-----------------|---------------------------------|-----------------|-----------------|
| | 1973 | 1974 | 1975 | Løpande prisar | Pris- indeks | Faste prisar | Løpande prisar | Pris- indeks | Faste prisar |
| | Kr | Kr | Kr | Pst. | Pst. | Pst. | Pst. | Pst. | Pst. |
| Total forbruksutgift | 36 832 | 40 523 | 44 060 | 10,0 | 9,4 | 0,5 | 8,7 | 11,7 | -2,7 |
| 0 Matvarer | 8 823 | 9 341 | 9 881 | 5,9 | 8,7 | -2,6 | 5,8 | 15,0 | -8,0 |
| 1 Drikkevarer og tobakk .. | 1 813 | 1 947 | 1 834 | 7,4 | 5,3 | 2,0 | -5,8 | 14,0 | -17,4 |
| 2 Klede og skoty | 3 881 | 4 196 | 4 347 | 8,1 | 9,9 | -1,6 | 3,6 | 7,0 | -3,2 |
| 3 Bustad, lys og brensel . | 4 746 | 5 708 | 6 402 | 20,3 | 12,4 | 7,0 | 12,2 | 10,0 | 2,0 |
| 4 Møblar og hushaldsar- tiklar | 3 447 | 4 143 | 4 392 | 20,2 | 12,4 | 6,9 | 6,0 | 13,0 | -6,2 |
| 5 Helsepleie | 850 | 911 | 853 | 7,3 | 6,4 | 0,8 | -6,4 | 15,0 | -18,6 |
| 6 Reiser og transport | 7 181 | 7 048 | 8 085 | -1,9 | 9,9 | -10,7 | 14,7 | 9,0 | 5,2 |
| 7 Fritidssyslar og ut- danning | 3 585 | 4 379 | 5 010 | 22,2 | 6,4 | 14,8 | 14,4 | 9,0 | 5,0 |
| 8 Andre varer og tenester | 2 506 | 2 850 | 3 256 | 13,7 | 9,9 | 3,5 | 14,2 | 16,0 | -1,5 |

Som nemnt vil denne svake veksten mellom anna skyldast at hushaldsmønsteret i forbruksundersøkinga har endra seg i denne perioden. Dersom vi held samansetjinga av hushalda i 1974 og 1975 konstant lik den i 1973, viser totalforbruket i faste prisar ein nedgang på 0,9 prosent frå 1973 til 1974 og ein auke på 0,4 prosent frå 1974 til 1975. Desse overslaga ligg også godt under utviklinga i disponibel realinntekt.

IV. Samanlikning med oppgaver over privat forbruk i nasjonalrekneskapen

Samanlikninga med nasjonalrekneskapen er i løpande prisar. Nasjonalrekneskapstala for 1975 er dei sist reviderte, men er ikkje endelege. Tala for 1973 og 1974 er derimot endelege og litt reviderte i forhold til ANO 76/40 [7]. Som ved tidlegare samanlikningar, har vi trekt ut utgiftene til sjukehusopphald i nasjonalrekneskapen.

Resultata frå forbruksundersøkinga er som før "blåste opp" ved hjelp av det observerte talet på personar i gjennomsnitt pr. hushald og middelfolkemengda. I 1975 var det 2,79 personar pr. hushald i forbruksundersøkinga og middelfolkemengda var 4 007 378 ifølgje tabell 5 i [10].

Tabell 14 viser at tala for privat konsum i nasjonalrekneskapen for åra 1973, 1974 og 1975 ligg respektive 11,2, 18,1 og 18,4 prosent over oppblåste tal frå forbruksundersøkinga. Det er spesielt stor skilnad i gruppene drikkevarer og tobakk og helsepleie der nasjonalrekneskapen viser om lag dobbelt så høgt forbruk som forbruksundersøkinga. Overraskande er det også at matvareforbruket er så mykje lågare i forbruksundersøkinga enn i nasjonalrekneskapen. Ein skulle tru at ein fekk dette relativt godt registrert i forbruksundersøkinga. I kapittel V har vi sett nærare på matvareforbruket samanlikna med jordbruksstatistikken og nasjonalrekneskapen. Tabell 18 side 46 indikerer her at det kan vera skilnader i dei prisane som vert nytta i forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapen.

Vi ser elles av tabell 14 at skilnaden i verditala mellom forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapen synest å auka med åra både totalt og for dei ulike vare- og tenestegruppene.

Tabell 15 viser budsjettprosentar i dei to statistikkane. Det er spesielt store skilnader i budsjettprosentane til drikkevarer og tobakk, helsepleie og reiser og transport og andre varer og tenester. Forbrukssamansetjinga i nasjonalrekneskapen viser dessutan mindre endringar i perioden enn i forbruksundersøkinga. Matvareprosenten i forbruksundersøkinga viser nedgang frå 1974 til 1975 mot ingen endring i nasjonalrekneskapen. Bustad, lys og brensel har også auka relativt sett i forbruksundersøkinga mens nasjonalrekneskapen viser omlag konstant budsjettprosent.

Tabell 14. Utgift pr. år i løpende priser i forbruksundersøkinga (FBU) og nasjonalrekneskapen (NR), etter vare- og tenestegruppe. 1973-75

| | 1973 | | | 1974 | | | 1975 | | |
|---|---------|---------|--------|---------|---------|--------|---------|---------|--------|
| | FBU | NR | NR-FBU | FBU | NR | NR-FBU | FBU | NR | NR-FBU |
| | Mill.kr | Mill.kr | Pst. | Mill.kr | Mill.kr | Pst. | Mill.kr | Mill.kr | Pst. |
| Totalt forbruk | 50 652 | 56 344 | 11,2 | 54 012 | 63 786 | 18,1 | 63 285 | 74 956 | 18,4 |
| 0 Matvarer | 12 134 | 13 382 | 10,3 | 12 450 | 14 805 | 18,9 | 14 193 | 17 412 | 22,7 |
| 1 Drikkevarer og tobakk | 2 493 | 4 573 | 83,4 | 2 595 | 4 991 | 92,3 | 2 634 | 5 889 | 123,6 |
| 2 Klede og skoty | 5 337 | 5 567 | 4,3 | 5 593 | 6 055 | 8,3 | 6 244 | 6 941 | 11,2 |
| 3 Bustad, lys og brensel | 6 525 | 8 133 | 24,6 | 7 608 | 9 429 | 23,9 | 9 195 | 10 882 | 18,3 |
| 4 Møblar og hushalds- artiklar | 4 740 | 5 172 | 9,1 | 5 522 | 6 168 | 11,7 | 6 308 | 7 170 | 13,7 |
| 5 Helsepleie | 1 168 | 1 845 | 58,0 | 1 214 | 2 072 | 70,7 | 1 225 | 2 512 | 105,1 |
| 6 Reiser og transport .. | 9 875 | 7 230 | -26,8 | 9 394 | 8 243 | -12,3 | 11 613 | 9 734 | -16,2 |
| 7 Fritidssyslar og ut- danning | 4 930 | 4 730 | -4,1 | 5 837 | 5 552 | -3,9 | 7 196 | 6 595 | -8,4 |
| 8 Andre varer og tenester | 3 446 | 5 712 | 65,8 | 3 799 | 6 471 | 70,3 | 4 677 | 7 821 | 67,2 |

Tabell 15. Budsjettprosentar i forbruksundersøkinga (FBU) og nasjonalrekneskapen (NR), etter vare- og tenestegruppe. 1973-75

| | 1973 | | 1974 | | 1975 | |
|------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| | FBU | NR | FBU | NR | FBU | NR |
| Totalt forbruk | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |
| 0 Matvarer | 24,0 | 23,8 | 23,1 | 23,2 | 22,4 | 23,2 |
| 1 Drikkevarer og tobakk | 4,9 | 8,1 | 4,8 | 7,8 | 4,2 | 7,8 |
| 2 Klede og skoty | 10,5 | 9,9 | 10,4 | 9,5 | 9,9 | 9,3 |
| 3 Bustad, lys og brensel | 12,9 | 14,4 | 14,1 | 14,8 | 14,5 | 14,5 |
| 4 Møblar og hushaldsartiklar | 9,4 | 9,2 | 10,2 | 9,7 | 10,0 | 9,6 |
| 5 Helsepleie | 2,3 | 3,3 | 2,3 | 3,2 | 1,9 | 3,4 |
| 6 Reiser og transport | 19,5 | 12,8 | 17,4 | 12,9 | 18,3 | 13,0 |
| 7 Fritidssyslar og utdanning | 9,7 | 8,4 | 10,8 | 8,7 | 11,4 | 8,8 |
| 8 Andre varer og tenester | 6,8 | 10,1 | 7,0 | 10,2 | 7,4 | 10,4 |

Tabell 16 viser også store skilnader i dei årlege prosentvise endringane i løpende prisar sjølv om endringa i totalforbruket frå 1974 til 1975 er om lag den same i forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapen. Forbruksundersøkinga viser elles stort sett mindre årleg auke enn nasjonalrekneskapen. Særleg er skilnaden stor for gruppene drikkevarer og tobakk og helsepleie når det gjeld veksten frå 1974 til 1975.

Tabell 16. Arlege endringar i forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapan etter vare- og tenestegruppe. Løpande prisar. Prosent

| | 1973/74 | | 1974/75 | |
|------------------------------------|---------|------|---------|------|
| | FBU | NR | FBU | NR |
| Totalt forbruk | 6,6 | 13,2 | 17,2 | 17,5 |
| 0 Matvarer | 2,6 | 10,6 | 14,0 | 17,6 |
| 1 Drikkevarer og tobakk | 4,1 | 9,1 | 1,5 | 18,0 |
| 2 Klede og skoty | 4,8 | 8,8 | 11,6 | 14,6 |
| 3 Bustad, lys og brensel | 16,6 | 15,9 | 20,9 | 15,4 |
| 4 Møblar og hushaldsartiklar | 16,5 | 19,3 | 14,2 | 16,2 |
| 5 Helsepleie | 3,9 | 12,3 | 0,9 | 21,2 |
| 6 Reiser og transport | -4,9 | 14,0 | 23,6 | 18,1 |
| 7 Fritidssyslar og utdanning | 18,4 | 17,4 | 23,3 | 18,8 |
| 8 Andre varer og tenester | 10,2 | 13,3 | 23,1 | 20,9 |

V. Mengdeoppgåver

Som før nemnt er det samla inn mengdeoppgåver over mat- og drikkevarer i 1975. Dette vart tidlegare gjort ved forbruksundersøkinga i 1958, men ikkje i 1967, 1973 og 1974. Mengde er også registrert i 1976 og 1977. Det er først og fremst Avdeling for kostholdsforskning ved Universitetet i Oslo som er interessert i slike data, men det kan også tenkjast at mengdeoppgåver kan brukast av Byrået i ulike analysesamanhengar. Ved om lag 12 prosent av alle bokføringspostar som gjeld mat- og drikkevarer, er det ikkje oppgitt mengde. I desse tilfella har vi rekna oss fram til mengde på grunnlag av oppgitt verdi og oppgåver over utsalsprisar.

I dette notatet er det aktuelt å vurdere om oppgåvene ser rimelege ut. Vi vil difor samanlikna matforbruket og alkoholforbruket i forbruksundersøkinga med oppgåver i jordbruksstatistikken og alkoholstatistikken i Byrået. Dessutan kan det vera av interesse å samanlikna med tilsvarande mengdeoppgåver i 1958.

1. Samanlikning med jordbruksstatistikken

Tabell 17 viser forbruket pr. person i forbruksundersøkinga 1975 samanlikna med matvareforbruket pr. person ifølgje tabell 62 i Jordbruksstatistikk 1975 [5]. I denne tabellen er matvareforbruket av dei ulike varegruppene rekna ut som innanlandsk produksjon korrigert for lagerendring, import, eksport og vareinnsats. Stort sett skulle desse to statistikkane vera ganske godt samanliknbare. Men forbruket i jordbruksstatistikken omfattar også det som går med av dei ulike varene til produksjon av andre matvarer (brød, syltetøy osv.). Dette vil særleg gjelda varer som mjølk, smør, egg og sukker.

Jordbruksstatistikken har inkludert overslag over heimeproduserte varer og dette skal i prinsippet også vera med i forbruksundersøkinga.

Opgåvene i jordbruksstatistikken omfattar forbruk på restaurant, kafé og kantine mens forbruksundersøkinga ikkje har samla inn mengdeoppgåver på mat- og drikkevarer kjøpt ute. I forbruksundersøkinga 1973 utgjorde utgiftene til mat- og drikkevarer på restaurant, kafé og kantine 7,6 prosent av totalutgiftene til mat- og drikkevarer. Prisane på mat- og drikkevarer kjøpt ute ligg vesentleg høgare enn tilsvarande prisar i forretning. På den andre sida har vi sannsynlegvis ikkje fått registrert alle utgiftene etc. Ein reduksjon i tala frå jordbruksstatistikken på 6 prosent kan difor synast rimeleg.

Stort sett synest mengdeoppgåvene over matforbruket i forbruksundersøkinga å stemme godt overens med jordbruksstatistikken. Dette er heller ikkje så uventa då matforbruket er den varegruppa som ein får best registrert ved forbruksundersøkingar. Forbruket pr. person av kjøtt, heilmjølk, margarin, grønnsaker og frukt er mindre enn 10 prosent lågare i forbruksundersøkinga samanlikna med jordbruksstatistikken. Derimot er skilnaden 10-15 prosent i begge retningar for skumme mjølk, fløyte, ost,

egg, smør og poteter. Når det gjeld mjølk og fløyte, har vi rekna at 1 liter = 1,03 kg. Det er stor skilnad i forbruket av kondensert mjølk. Men mestedelen av dei 13,2 kg i jordbruksstatistikken går til norske skip i utlandet eller til vareinnsats i andre matvarer, og er altså ikkje registrert i forbruksundersøkinga. Det er noko større skilnad i bærforbruket, men her kan det vera visse grupperingsskilnader når det gjeld syltety og saft.

Tabell 17. Forbruk pr. person av nokre matvarer i forbruksundersøkinga og jordbruksstatistikken. 1975

| | Forbruks- undersøkinga | Jordbruksstatistikken | | Kol 1 ÷ kol 3/kol 3 |
|----------------------------|---------------------------|-----------------------|-----------------------------|---------------------|
| | | I alt | -6 % på rest., kafé o.l. | |
| | Kg | Kg | Kg | Pst. |
| Kjøtt | 44,7 | 51,9 | 48,8 | -8,4 |
| Fisk | 23,3 | 15,5 ¹⁾ | 14,6 | 60,0 |
| Fersk og frosen | 15,5 | 10,7 | 10,1 | 53,5 |
| Salta, røykt og tørka | 4,0 | 2,1 | 2,0 | 100,0 |
| Anna | 3,8 | 2,7 | 2,5 | 52,0 |
| Mjølkeprodukt | 188,2 | 212,9 | 200,1 | -5,9 |
| Heilmjølke | 153,5 | 169,9 | 159,7 | -3,9 |
| Skumma mjølke | 20,2 | 25,3 | 23,8 | -15,1 |
| Fløyte | 5,6 | 6,9 | 6,5 | -13,8 |
| Ost | 8,9 | 10,8 | 10,1 | -11,9 |
| Egg | 10,3 | 9,2 | 8,7 | 18,4 |
| Smør | 3,3 | 4,3 | 4,0 | -17,5 |
| Margarin | 16,5 | 18,6 | 17,5 | -5,7 |
| Grønsaker | 32,2 | 34,4 | 32,3 | -0,3 |
| Frukt | 52,2 | 59,7 | 56,1 | -7,0 |
| Sitrusfrukt | 15,0 | 16,5 | 15,5 | -3,2 |
| Anna frukt | 32,2 | 36,9 | 34,7 | -7,2 |
| Tørka frukt og juice | 5,4 | 6,3 | 5,9 | -8,5 |
| Bær | 10,8 | 8,3 | 7,8 | 38,5 |
| Poteter | 69,3 | 64,7 | 60,8 | 14,0 |
| Sukker | 14,7 | 25,7 | 24,2 | -39,3 |

1) Forbruk i 1974.

Tilbake står då forbruket av fisk og sukker som viser klare skilnader. Fiskeforbruket i tabell 62 i Jordbruksstatistikken vert rekna ut av Fiskeridirektoratet. Desse utrekningane er i den seinare tid sterkt nedjusterte fordi ein har kome til at eigenproduksjonen av fisk tidlegare var vurdert altfor høgt. Dessutan gjeld tala i jordbruksstatistikken forbruket i 1974. Samanlikninga med jordbruksstatistikken er såleis usikker, men skilnaden i desse to statistikkane synest likevel å vera noko stor. Samanlikna med fiskeforbruket i 1958 i tabell 22 synest resultatet av 1975-undersøkinga rimeleg.

Sukkerforbruket i forbruksundersøkinga er også mykje lågare enn kva jordbruksstatistikken viser. Men ein god del av forbruket i jordbruksstatistikken går som vareinnsats i produksjon av andre matvarer. Likevel er vel kanskje forbruket i forbruksundersøkinga noko lågt. Ei samanlikning med sukkerforbruket i 1958 i tabell 22 tyder også på at dette er noko lågt i 1975.

Alt i alt skulle difor ei samanlikning med jordbruksstatistikken tyde på at mengdeoppgåvene i forbruksundersøkinga er ganske pålitelege. Men forbruket av visse matvarer i forbruksundersøkinga er kanskje litt underestimert.

2. Samanlikning med nasjonalrekneskapen

I kapittel IV fann vi at verdien av matvareforbruket i nasjonalrekneskapen låg 22,7 prosent høgare enn resultatet i forbruksundersøkinga. På den andre sida har vi nå sett at matvareforbruket i forbruksundersøkinga stemmer relativt godt overeins med oppgaver i jordbruksstatistikken. Dessutan skulle ein tru at mengdeoppgåvene i jordbruksstatistikken må samsvara godt med matvareforbruket i nasjonalrekneskapen. Det er difor noko uventa at forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapen viser så ulikt matvareforbruk i verdital.

Tabell 89 i Økonomisk Utsyn 1976 [11] viser totalforbruket av nokre matvarer. Både denne tabellen og utrekningane av matvareforbruket i nasjonalrekneskapen byggjer i stor grad på oppgaver frå Budsjettnemnda for jordbruket. Vi har i tabell 18 nedanfor samanlikna desse tala med oppgåvene i jordbruksstatistikken for 1975. I denne tabellen har vi også samanlikna forbruket av dei same varene i forbruksundersøkinga med nasjonalrekneskapstala ved å bruke same oppblåsingsmetode som i kapittel III. Det er nytta tal frå førebels nasjonalrekneskap 1975 og vi har ikkje trekt ut matvarer som er forbrukt i helseinstitusjonar. Kolonne 2 i tabell 18 er tatt frå tabell 17. Økonomisk Utsyn viser t.eks. eit totalt kjøttforbruk som er 7,6 prosent lågare enn kva jordbruksstatistikken viser. Kjøttforbruket pr. person i forbruksundersøkinga stemmer også godt med jordbruksstatistikken (8,4 prosent lågare). Ut frå dette skulle vi tru at forbruksundersøkinga ville vise om lag 1 prosent lågare kjøttforbruk enn nasjonalrekneskapen i verdi, men skilnaden er heile 24,9 prosent. Tilsvarende finn vi for dei andre vareslaga. Mengdeoppgåvene stemmer stort sett godt overeins i dei tre statistikkane, mens forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapen viser svært ulike resultat i løpande verdital. Desse tre statistikkane er nok ikkje på alle punkter heilt samanliknbare, men det er tvilsamt om dette fullt ut kan forklare dei store skilnadene i verditala. Tabellen kan difor tyda på at prisane som vert nytta i forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapen når det gjeld matvareforbruket, er svært ulike. I tilfelle kan dette kanskje også vera ei av forklaringane på at skilnaden i verdi synest å auka med åra. Dessutan er det vel grunn til å tru at ulike prisar - dersom dette er tilfelle - på tilsvarende måte kan forklåra noko av skilnaden i forbruket av andre varer og tenestegrupper i dei to statistikkane. Og i denne samanheng er det vel minst grunn til å tru at forbruksundersøkinga får registrert galne utsalsprisar.

Tabell 18. Samanlikningar av forbruk av nokre matvarer i forbruksundersøkinga (FBU), nasjonalrekneskapen (NR) og jordbruksstatistikken (JB). 1975

| Vareslag | NR - JB/JB (mengde) | FBU - JB/JB (mengde) | FBU - NR/NR (verdi) |
|-----------------|------------------------|-------------------------|------------------------|
| Kjøtt | -7,6 | -8,4 | -24,9 |
| Smør | +6,9 | -17,5 | -23,0 |
| Margarin | -2,7 | -5,7 | 19,9 |
| Ost | -5,1 | -11,9 | -26,0 |
| Egg | -0,3 | +18,4 | 7,4 |
| Frukt | +0,2 | -7,0 | -19,9 |
| Grønsaker | +26,7 | -0,3 | 0,6 |
| Mjølkk | -15,0 | -5,3 | -4,5 |

Vi har freista undersøkje prisane i forbruksundersøkinga litt nærare ved å samanlikna prisar pr. kilo (liter) og prisutviklinga på nokre varer i forbruksundersøkinga med oppgaver frå konsumprisindeksen. Resultata er gitt i tabell 19.

Når det gjeld tala frå forbruksundersøkinga, har vi tatt utgangspunkt i registrerte tal på årsbasis før fordeling av uspesifiserte varepostar og før samanslåing av ulike varenummer. Vi har altså ikkje tatt omsyn til fråfall. Vi har også sett bort frå eigenproduserte varer. Prisen på ei vare er rekna ut slik:

$$\text{pris} = \frac{\text{total registrert verdi}}{\text{total registrert mengde}}$$

Tabell 19. Pris pr. kg(ℓ) og prisutviklinga i 1975 for nokre varer i forbruksundersøkinga (FBU) samanlikna med konsumprisindeksen (KP)

| | | Gj.- snitts- pris pr. kg (ℓ) | 1/1-28/1 Jan. | 29/1-25/2 Febr. | 26/2-25/3 Mars | 26/3-22/4 April | 23/4-20/5 Mai |
|---------|---|---------------------------------------|------------------|--------------------|-------------------|--------------------|------------------|
| 001 | Kveitemjøl, fint | FBU 1,28 | 100,0 | 96,1 | 103,9 | 97,6 | 100,8 |
| 001 079 | Kveitemjøl, finsikta ... | KP 1,29 | 100,0 | 101,0 | 101,3 | 101,3 | 101,8 |
| 005 | Havregryn | FBU 3,46 | 100,0 | 89,9 | 95,8 | 105,8 | 117,2 |
| 000 081 | Havregryn, pressa, vanlege | KP 3,94 | 100,0 | 105,0 | 106,1 | 106,8 | 106,8 |
| 006 | Risgryn (alle typar) | FBU 10,71 | 100,0 | 94,2 | 106,0 | 127,2 | 111,1 |
| 001 218 | Risengryn | KP 8,54 | 100,0 | 101,3 | 102,8 | 102,5 | 103,1 |
| 075 | Herm. leverpostei | FBU 29,94 | 100,0 | 97,7 | 95,4 | 100,1 | 98,0 |
| 013 116 | Leverpostei, herm. | KP - | 100,0 | 100,8 | 99,8 | 101,7 | 102,9 |
| 085 | Leverpostei, leverpølse | FBU 28,67 | 100,0 | 85,5 | 100,7 | 103,9 | 96,5 |
| 014 038 | Leverpostei i laus vekt . | KP 27,55 | 100,0 | 100,8 | 102,8 | 103,7 | 105,2 |
| 133 | Herm.fiskeboller, - kaker ... | FBU 7,26 | 100,0 | 93,3 | 86,5 | 91,4 | 85,0 |
| 024 250 | Herm.fiskeboller | KP 6,12 | 100,0 | 91,2 | 88,6 | 89,0 | 87,3 |
| 138 | Kaviar, småherm. | FBU 25,98 | 100,0 | 106,3 | 97,4 | 106,0 | 104,9 |
| 026 256 | Kaviar i tube | KP - | 100,0 | 101,8 | 101,8 | 102,4 | 102,9 |
| 140 | Fiskepudding,- boller,- fiskekaker | FBU 12,51 | 82,3 | 100,0 | 114,0 | 107,0 | 101,8 |
| 026 014 | Fiskepudding, vanleg | KP 14,25 | 100,0 | 100,2 | 100,3 | 100,4 | 99,7 |
| 146 | Heilmjøl (+geit og råmjøl) FBU | 1,66 | 100,0 | 99,3 | 99,3 | 102,7 | 97,3 |
| 031 041 | H-mjøl | KP 1,65 | 100,0 | 100,0 | 100,3 | 100,4 | 100,2 |
| 149 | Skumma mjøl | FBU 1,23 | 92,9 | 100,0 | 101,0 | 104,0 | 101,0 |
| 031 042 | Skumma kulturmjøl | KP 1,33 | 100,0 | 100,1 | 100,0 | 100,2 | 100,2 |
| 031 154 | Skumma søt mjøl | KP - | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,2 |
| 153 | Kremfløyte, seterrømme | FBU 16,36 | 100,0 | 103,6 | 105,9 | 103,4 | 108,3 |
| 032 044 | Kremfløyte, 35 prosent .. | KP 16,44 | 100,0 | 100,6 | 100,6 | 100,7 | 100,4 |
| 171 | Egg | FBU 11,56 | 100,0 | 93,3 | 103,1 | 103,8 | 106,7 |
| 035 055 | Egg, beste kvalitet | KP 12,27 | 100,0 | 93,5 | 106,1 | 100,3 | 118,4 |
| 172 | Smør | FBU 11,71 | 100,0 | 102,3 | 98,9 | 105,0 | 100,7 |
| 041 047 | Meierismør, kløver | KP 12,44 | 100,0 | 100,3 | 100,1 | 110,4 | 100,5 |
| 173 | Margarin, fast | FBU 4,75 | 100,0 | 100,2 | 90,2 | 91,1 | 88,2 |
| 042 117 | Margarin, animalsk | KP 4,68 | 100,0 | 98,8 | 95,6 | 95,3 | 91,8 |
| 174 | Margarin, mjuk | FBU 6,08 | 100,0 | 91,4 | 91,7 | 88,7 | 93,5 |
| 042 254 | Plantemargarin | KP 6,10 | 100,0 | 95,8 | 91,7 | 88,8 | 86,3 |
| 177 | Majones | FBU 22,66 | 100,0 | 82,2 | 96,0 | 91,3 | 94,7 |
| 042 118 | Mills majones | KP 23,61 | 100,0 | 99,7 | 98,8 | 95,8 | 94,3 |
| 181 | Gulrøtter | FBU 4,38 | 100,0 | 114,2 | 111,4 | 119,9 | 153,3 |
| 051 067 | Gulrøtter i plastpose 1) | KP 4,03 | 100,0 | 106,7 | 111,6 | 125,7 | .. |
| 183 | Tomater | FBU 12,76 | 111,7 | 115,4 | 109,8 | 112,6 | 126,1 |
| 052 212 | Tomater, 1. sort. 1) | KP 13,42 | .. | .. | .. | .. | .. |
| 184 | Løk, purre, gressløk | FBU 7,95 | 100,0 | 95,1 | 114,8 | 112,3 | 100,9 |
| 052 069 | Vanleg matløk | KP 5,57 | 100,0 | 101,0 | 107,1 | 97,4 | 95,8 |
| 193 | Appelsin o.l. | FBU 5,02 | 124,7 | 100,0 | 83,0 | 88,1 | 102,4 |
| 054 077 | Appelsiner | KP 4,42 | 104,7 | 100,0 | 100,9 | 109,0 | 126,4 |
| 195 | Banar | FBU 5,40 | 100,0 | 86,0 | 91,0 | 115,1 | 118,2 |
| 054 213 | Banar | KP 5,61 | 100,0 | 102,5 | 107,9 | 116,1 | 119,5 |
| 198 | Rosiner, korinter | FBU 13,26 | 52,7 | 100,0 | 92,9 | 99,5 | 99,4 |
| 055 095 | Rosiner, Sun-maid | KP 15,02 | 100,0 | 100,5 | 100,7 | 101,2 | 101,6 |
| 229 | Poteter | FBU 1,65 | 138,7 | 100,0 | 102,7 | 102,7 | 94,6 |
| 061 062 | Poteter, raude, laus vekt | KP 2,06 | 100,0 | 100,4 | 100,6 | 103,1 | 108,8 |
| 061 063 | Poteter, raude, vanleg pose | KP 2,42 | 100,0 | 101,1 | 101,8 | 102,6 | 108,2 |
| 230 | Potetmjøl | FBU 7,88 | 100,0 | 103,8 | 99,2 | 107,4 | 104,7 |
| 062 082 | Potetmjøl | KP 7,93 | 100,0 | 101,1 | 100,4 | 100,7 | 100,3 |
| 235 | Sukker o.l. | FBU 7,91 | 100,0 | 96,6 | 91,2 | 84,5 | 94,6 |
| 071 106 | Farin, pakka, pose | KP 9,08 | 100,0 | 101,3 | 100,4 | 100,3 | 100,4 |
| 071 243 | Raffinade, pakka | KP 10,21 | 100,0 | 100,8 | 100,0 | 100,9 | 101,2 |
| 236 | Kaffe | FBU 19,50 | 100,0 | 97,3 | 90,8 | 89,3 | 95,3 |
| 081 110 | Kaffe, brent | KP 19,02 | 100,0 | 94,0 | 92,5 | 93,2 | 87,1 |
| 237 | Te | FBU 65,67 | 100,0 | 77,3 | 118,9 | 102,0 | 109,7 |
| 082 245 | Te, Lipton, pk | KP 48,93 | 100,0 | 102,0 | 103,4 | 103,6 | 104,8 |
| 243 | Iskrem | FBU 15,12 | 100,0 | 75,8 | 92,4 | 97,7 | 143,0 |
| 092 046 | Iskrem, firkant.blokk ... | KP - | 100,0 | 102,6 | 102,5 | 103,4 | 103,8 |
| 092 197 | Ispinne, stor | KP - | 100,0 | 108,6 | 112,2 | 118,4 | 124,9 |

1) Sesongkorrigert.

| 21/5-17/6 Juni | 18/6-15/7 | 16/7-12/8 Juli | 13/8-9/9 Aug. | 10/9-7/10 Sept. | 8/10-4/11 Okt. | 5/11-2/12 Nov. | 3/12-31/12 Des. | Talet på hush. |
|-------------------|-----------|-------------------|------------------|--------------------|-------------------|-------------------|--------------------|----------------------|
| 92,1 | 105,5 | 110,2 | 112,6 | 92,9 | 97,6 | 105,5 | 94,5 | 485 |
| 101,4 | | 101,2 | 101,3 | 101,3 | 101,1 | 101,3 | 101,0 | |
| 108,1 | 116,6 | 121,4 | 131,5 | 112,0 | 113,0 | 134,1 | 115,3 | 124 |
| 106,9 | | 111,3 | 116,1 | 119,6 | 120,7 | 121,9 | 122,0 | |
| 97,2 | 97,0 | 112,2 | 106,6 | 105,8 | 99,1 | 104,8 | 96,8 | 218 |
| 102,9 | | 102,2 | 102,1 | 102,3 | 102,9 | 103,0 | 102,0 | |
| 89,1 | 110,6 | 102,6 | 110,3 | 118,5 | 104,0 | 111,8 | 114,9 | 168 |
| 104,1 | | 107,2 | 109,9 | 113,6 | 111,7 | 113,4 | 114,7 | |
| 104,8 | 112,0 | 97,7 | 105,1 | 109,7 | 106,5 | 114,8 | 107,4 | 283 |
| 106,3 | | 106,7 | 107,0 | 107,9 | 107,4 | 108,0 | 109,0 | |
| 81,1 | 80,8 | 92,0 | 89,2 | 74,2 | 84,0 | 76,3 | 82,6 | 274 |
| 88,5 | | 86,9 | 87,7 | 87,0 | 86,1 | 86,4 | 84,8 | |
| 100,4 | 96,5 | 110,3 | 105,4 | 102,2 | 96,1 | 99,1 | 105,5 | 166 |
| 102,6 | | 102,3 | 102,5 | 102,7 | 102,8 | 102,9 | 102,9 | |
| 97,7 | 103,0 | 99,4 | 95,3 | 99,8 | 96,6 | 102,4 | 100,5 | 467 |
| 100,0 | | 101,7 | 100,9 | 94,5 | 94,2 | 94,0 | 94,1 | |
| 100,0 | 115,0 | 126,5 | 124,5 | 127,2 | 127,9 | 124,5 | 125,9 | 1 115 |
| 100,2 | | 127,7 | 128,4 | 128,5 | 128,5 | 128,5 | 128,4 | |
| 101,0 | 130,3 | 158,6 | 135,4 | 153,5 | 157,6 | 151,5 | 126,3 | 487 |
| 100,1 | | 148,3 | 149,6 | 149,7 | 149,7 | 149,9 | 149,8 | |
| 100,2 | | 152,9 | 154,1 | 154,5 | 154,5 | 154,5 | 154,5 | |
| 106,7 | 112,2 | 118,0 | 113,6 | 115,7 | 120,7 | 107,0 | 116,4 | 736 |
| 100,6 | | 111,6 | 111,8 | 111,9 | 112,0 | 112,1 | 111,9 | |
| 109,0 | 108,7 | 113,8 | 118,5 | 107,5 | 114,7 | 118,8 | 116,8 | 817 |
| 120,3 | | 120,2 | 121,0 | 121,0 | 120,9 | 128,8 | 131,5 | |
| 105,1 | 105,5 | 113,5 | 115,0 | 114,2 | 100,8 | 104,6 | 96,3 | 458 |
| 100,6 | | 111,2 | 111,8 | 112,1 | 112,0 | 112,0 | 111,4 | |
| 92,4 | 84,1 | 84,5 | 81,3 | 89,5 | 74,1 | 84,1 | 80,6 | 623 |
| 87,7 | | 86,1 | 86,0 | 90,2 | 90,4 | 89,2 | 88,9 | |
| 99,3 | 86,9 | 82,8 | 86,5 | 85,8 | 84,4 | 78,1 | 79,1 | 529 |
| 81,7 | | 78,3 | 77,7 | 82,3 | 82,1 | 79,0 | 74,6 | |
| 91,1 | 103,4 | 96,3 | 91,3 | 86,3 | 96,0 | 82,0 | 86,4 | 312 |
| 93,2 | | 91,4 | 91,3 | 90,2 | 89,1 | 89,1 | 89,1 | |
| 172,6 | 199,4 | 216,2 | 122,8 | 83,2 | 69,5 | 61,8 | 96,3 | 516 |
| .. | .. | .. | .. | 111,0 | 89,5 | 84,9 | 87,0 | |
| 100,0 | 99,4 | 87,3 | 67,3 | 74,7 | 106,9 | 79,6 | 91,7 | 506 |
| 100,0 | | 85,4 | 58,6 | 89,0 | 86,1 | 83,8 | 83,8 | |
| 106,9 | 112,0 | 120,5 | 111,6 | 98,0 | 90,9 | 102,5 | 110,8 | 512 |
| 99,4 | | 99,9 | 111,0 | 106,1 | 100,6 | 100,8 | 102,8 | |
| 105,3 | 117,2 | 135,4 | 142,1 | 148,2 | 146,5 | 171,7 | 114,0 | 775 |
| 130,9 | | 149,6 | 154,0 | 156,5 | 153,3 | 170,7 | 129,2 | |
| 112,7 | 110,3 | 98,7 | 89,2 | 93,0 | 86,2 | 96,1 | 93,9 | 625 |
| 119,1 | | 112,9 | 109,3 | 106,1 | 106,1 | 103,4 | 102,9 | |
| 89,0 | 97,6 | 96,7 | 91,7 | 97,2 | 86,2 | 75,3 | 77,8 | 162 |
| 100,5 | | 100,6 | 98,9 | 97,2 | 95,0 | 91,9 | 89,3 | |
| 131,5 | 193,7 | 229,7 | 218,9 | 164,9 | 146,8 | 143,2 | 163,1 | 426 |
| 163,6 | | 273,0 | 235,9 | 208,8 | 185,7 | 191,1 | 194,3 | |
| 160,3 | | 246,6 | 199,5 | 185,6 | 170,9 | 171,5 | 172,1 | |
| 85,4 | 109,9 | 113,6 | 113,3 | 104,7 | 93,5 | 107,9 | 107,3 | 148 |
| 100,8 | | 101,0 | 106,2 | 109,5 | 109,9 | 110,5 | 109,8 | |
| 78,7 | 73,6 | 55,9 | 54,9 | 65,0 | 51,1 | 63,0 | 67,9 | 603 |
| 100,6 | | 99,6 | 60,7 | 59,4 | 59,6 | 59,3 | 59,3 | |
| 101,0 | | 100,5 | 63,8 | 62,5 | 62,3 | 62,3 | 62,2 | |
| 77,7 | 85,5 | 77,5 | 68,5 | 93,1 | 112,7 | 109,8 | 102,3 | 953 |
| 87,7 | | 87,8 | 89,3 | 100,7 | 109,9 | 118,9 | 121,6 | |
| 110,4 | 125,9 | 80,6 | 106,3 | 76,9 | 108,0 | 77,5 | 75,6 | 251 |
| 104,9 | | 106,1 | 108,0 | 106,7 | 108,5 | 108,1 | 109,5 | |
| 130,1 | 155,7 | 143,9 | 122,5 | 119,4 | 87,6 | 70,5 | 92,3 | 518 |
| 104,7 | | 105,3 | 105,4 | 105,0 | 97,2 | 99,6 | 102,2 | |
| 123,8 | | 124,8 | 126,5 | 119,8 | 121,2 | 122,0 | 123,6 | |

Denne utrekninga er gjort for alle mat- og drikkevarer for i alt 13 periodar (2 bokføringsperiodar i kvar periode). Desse periodane fell ikkje heilt saman med månadene, men dette skulle ikkje spela noko stor rolle. Gjennomsnittsprisen i året er rekna ut som eit vanleg gjennomsnitt av prisane i kvar periode. Prisen i dei ulike periodane er samanlikna med prisen i første periode (1. periode = 100). Då prisen i 1. periode for dei fleste varene vil vera noko usikker, kan vi først og fremst bruka prisindeksane i tabellen til å seia noko om endringa i prisane over året. Nivået i dei ulike indeksane er det vanskelegare å samanlikna. For nokre varer er prisen i første periode openberr feil. I desse tilfella har vi difor samanlikna med prisen i 2. periode (februar).

Konsumprisindeksen registrerer ikkje gjennomsnittsprisen for dei ulike varene i kvar måned. For å rekna ut gjennomsnittleg pris for 1975 i konsumprisindeksen, har vi difor brukt pris i 1974 i tabell XXV i Statistisk månadshefte nr. 6/1975 [8] og multiplisert denne med gjennomsnittsindeksen for 1975. Prisutviklinga frå måned til måned er rekna om med januar = 100.

Det er mange vanskar ved ei samanlikning som dette. For det første kan ei vare (eit varenummer) i forbruksundersøkinga omfatta fleire vareslag som er om lag like mens konsumprisindeksen berre ser på ei spesifisert vare. Dessutan kan det for ei og same vare vera prisskilnader mellom ulike merke, mellom ulike forretningar og mellom ulike distrikt. Men slike skilnader vil spela mindre rolle jo fleire observasjonar vi har. I tillegg registrerer forbruksundersøkinga prisar på dei varene som faktisk vert kjøpte mens konsumprisindeksen bruker prisar på det varetilbodet som er i forretningane. Dersom folk ved prisendringar kjøper eit anna merke, går til ei anna forretning o.l., vil ikkje forbruksundersøkinga få registrert same prisutviklinga som konsumprisindeksen. I tabellen har vi freista velja ut nokre varer der desse vanskanene ikkje skulle vera så alvorlege.

Stort sett synest det å vera brukbart samsvar mellom prisar og prisutvikling i forbruksundersøkinga og konsumprisindeksen. Særleg gjeld dette varer som det er små problem med å samanlikna (kveitesmjøl, mjølkeprodukt, egg, smør, margarin, poteter, potetmjøl, sukker og kaffe). Men også dei andre varene synest i stor grad å visa same prisutvikling sjølv om prisvariasjonen i forbruksundersøkinga er noko større.

Grønnsaker, frukt og bær er vanskelege å samanlikna fordi prisane på fleire av desse varene er sesongkorrigerte i konsumprisindeksen. Prisutviklinga på gulrøtter og tomater i tabellen er t.eks. svært ulik i forbruksundersøkinga og konsumprisindeksen.

Vi har ikkje her gjort noko grundig analyse av data som ligg bak tabell 19. Likevel synest konklusjonen å vera at det er rimeleg godt samsvar mellom prisnivå og prisutvikling i forbruksundersøkinga og konsumprisindeksen når det gjeld varer som er relativt enkle å samanlikna. Sjølv om det er vanskeleg å undersøka nærare, skulle vi også ut frå dette kunna rekna med at prisane på andre varer samsvarer relativt godt i dei to undersøkingane.

Dette skulle også kunna indikera at i den grad skilnader i verdital mellom forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapen skyldest prisskilnader, så brukar nasjonalrekneskapen for høge prisar og kanskje også for sterk stigning i prisane. Iallfall er dette noko som bør undersøkjast nærare.

3. Samanlikning med alkoholstatistikken

Sjølv om matvarekonsumet synest å vera relativt godt registrert, viser ei samanlikning med alkoholstatistikken [2] at alkoholkonsumet er registrert altfor lågt i forbruksundersøkinga - noko som er vel kjent frå før (sjå tabell 20). Ifølgje forbruksundersøkinga drakk kvar nordmann 12,8 liter øl i 1975, mens alkoholstatistikken viser at det vart selt 34,9 liter øl pr. person gjennom utsal og 10,4 liter ved skjenkestader. Skilnaden synest å vera størst for dei sterkaste ølsortane. Det er tilsvarende skilnader for vin og brennevin, men vinforbruket i forbruksundersøkinga ligg nærare opp til tala i alkoholstatistikken enn forbruket av øl og brennevin.

Forbruksundersøkinga underestimerer altså alkoholforbruket grovt og oppgåvene er lite å stola på. Her bør vi kanskje vurdere om utgiftene til desse varene i framtida må justerast slik at forbruksundersøkinga på dette området er meir i pakt med dei faktiske forholda.

I tabell 21 ser vi på pris pr. liter i forbruksundersøkinga og alkoholstatistikken. Forbruksundersøkinga viser lågare prisar pr. liter enn alkoholstatistikken både når det gjeld øl, vin og brennevin. Mykje av denne skilanden skyldest at prisane i alkoholstatistikken er rekna ut på grunnlag av

Tabell 20. Forbruk pr. person av alkoholhaldige drikkevarer i forbruksundersøkinga og alkoholstatistikken. 1975

| | Forbruksundersøkinga | Alkoholstatistikken | | |
|-----------------------|----------------------|---------------------|-------|-------------|
| | | I alt | Utsal | Skjenkestad |
| Øl | 12,8 | 45,3 | 34,9 | 10,4 |
| Brigg, lagerøl | 1,4 | 3,2 | 2,4 | 0,8 |
| Pilsner, bayer | 10,0 | 35,5 | 26,7 | 8,8 |
| Eksport, bakkøl | 1,4 | 6,7 | 5,8 | 0,9 |
| Vin | 1,6 | 3,3 | 2,7 | 0,6 |
| Brennevin | 1,4 | 4,3 | 4,1 | 0,2 |

prisar både ved utsal og skjenkestader. Varegruppa drikkevarer i forbruksundersøkinga inkluderer derimot stort sett berre varer kjøpt gjennom utsal. Dersom prisane på restaurant, kafé o.l. er om lag dobbelt så høge som utsalsprisane i butikk og Vinmonopol, kan dette forklåra prisskilnaden på øl og brennevin. Vinprisen i forbruksundersøkinga er derimot framleis noko låg. Tabellen tyder likevel på at det ikkje er store prisfeil i dei alkoholregistreringane vi har fått med.

Tabell 21. Prisar pr. liter alkoholhaldige drikkevarer i forbruksundersøkinga og alkoholstatistikken. 1975. Kroner

| | Forbruksundersøkinga | Alkoholstatistikk |
|-----------------------|----------------------|-------------------|
| Øl | 7,82 | 10,00 |
| Brigg, lagerøl | 5,25 | 6,43 |
| Pilsner, bayer | 7,90 | 10,19 |
| Eksport, bakkøl | 9,71 | 10,71 |
| Vin | 25,16 | 37,30 |
| Brennevin | 96,72 | 101,31 |

4. Samanlikning med mengdeoppgåver i 1958

I tabell 22 har vi sett på forbruket av mat- og drikkevarer pr. person i 1975 samanlikna med tilsvarande oppgåver i 1958 [3]. Varegrupperinga av kjøtt og fisk er noko endra sidan 1958 slik at vi i tabellen berre ser på desse gruppene samla. Det same gjeld mjøl, gryn og bakevarer, mens dei fleste andre varegruppene er klårt definert i begge undersøkingane. Tabellen er korrigert for endring i talet på personar i gjennomsnittshushaldet. I den grad det er andre skilnader mellom hushalda i desse to åra (t.eks. skilnader i kjønn, alder, yrke og inntekt til personane, bustad o.l.), har vi ikkje tatt omsyn til dette i tabellen. Som nemnt før, må vi også her vera klår over at det er store variansar på endringstal frå eit år til eit anna.

Vi ser her på ein ganske lang periode (17 år) og skulle tru at totalforbruket av matvarer og samansetjinga av dette har endra seg ein del i desse åra. Tabellen viser også for visse varer store endringar i forbruket. Kjøttforbruket har auka sterkt mens fiskeforbruket kanskje viser ein liten nedgang. Nordmenn brukte i 1975 mindre margarin enn i 1958, men meir smør, kakao, sjokolade og iskrem. Forbruket av kaffi og frukt og bær synest å ha auka, mens vi bruker mindre mjøl, gryn og bakervarer enn før. Sukkerforbruket har også gått sterkt ned ifølgje tabellen, men den reelle nedgangen er sannsynlegvis ikkje så stor som tabellen viser.

For mange av dei vanlegaste vareslaga viser likevel tabellen svært små endringar. Mjølkeforbruket er om lag det same i dei to åra sjølv om vi i 1975 brukte meir skumma mjølk og mindre heilmjølk enn i 1958. Forbruket av varer som fløyte, ost, egg, poteter og grønsaker har også endra seg svært lite. Derimot viser sjølvsagt ikkje tabellen om det har skjedd kvalitetsendringar på varene i perioden. Men varer som mjølk, fløyte, ost, smør, egg, mjøl, poteter, sukker, kaffe o.l. var vel stort sett det same både i 1958 og 1975.

Tabell 22. Forbruk pr. person av nokre mat- og drikkevarer i forbruksundersøkinga 1958 og 1975

| | 1958 | 1975 | Endring 1958/1975 |
|--------------------------------|-------|-------|-------------------|
| | Kg/l | Kg/l | Prosent |
| Mjøl, gryn og bakervarer | 88,2 | 79,6 | -9,8 |
| Kjøtt og kjøttvarer | 30,4 | 44,7 | +47,0 |
| Fisk og fiskevarer | 26,5 | 23,3 | -12,1 |
| Mjølkk | 182,0 | 183,0 | +0,5 |
| Heilmjølkk | 164,2 | 149,1 | -9,2 |
| Skumma | 3,6 | 19,6 | +444,4 |
| Kondensert | 0,6 | 0,05 | -92,0 |
| Fløyte | 5,3 | 5,4 | +1,9 |
| Ost | 8,3 | 8,9 | +7,2 |
| Egg | 9,6 | 10,3 | +7,3 |
| Smør | 2,6 | 3,3 | +26,9 |
| Margarin, matoljer | 22,2 | 17,6 | -20,7 |
| Grønnsaker | 31,6 | 32,2 | +1,9 |
| Frukt og bær | 54,5 | 63,7 | +16,9 |
| Poteter | 74,8 | 70,9 | -5,2 |
| Sukker | 24,8 | 14,7 | -40,7 |
| Kaffe | 5,2 | 7,6 | +46,2 |
| Te | 0,1 | 0,2 | +100,0 |
| Kakao, sjokolade, drops | 1,6 | 3,7 | +131,3 |
| Sirup, honning | 1,6 | 1,2 | -25,0 |
| Iskrem | 0,4 | 2,7 | +575,0 |
| Alkoholfrie drikkevarer | 7,4 | 25,1 | +259,2 |
| Øl | 5,5 | 12,8 | +132,7 |
| Lagerøl, brigg | 0,5 | 1,4 | +180,0 |
| Pils, bayer | 4,0 | 10,0 | +150,0 |
| Eksport | 1,0 | 1,4 | +40,0 |
| Vin | 0,3 | 1,6 | +433,3 |
| Brennevin | 0,6 | 1,4 | +133,3 |

Tabell 62 i Jordbruksstatistikk 1975 [5] viser endringar i matvareforbruket pr. person frå 1964 til 1974 målt i kilokaloriar pr. dag. I denne tabellen finn ein også dei same trekkja som i tabell 22 i dette notatet.

Alkoholforbruket viser derimot store endringar frå 1958 til 1975. Men desse oppgåvene er så dårlege at vi ikkje kan leggja nokon vekt på dei i denne samanhengen. Forbruket av alkoholfrie drikkevarer har derimot auka sterkt i perioden.

Vi skal ikkje her gå nærare inn på analyse av matvareforbruket og endringar over tida, kva dette kan ha å seia for kosthaldet o.l. Føremålet med tabellen her er først å fremst å visa at mengderegistreringane i 1975-undersøkinga synest rimelege sett i forhold til 1958-undersøkinga.

Konklusjonen på dette kapitlet synest å vera at mengderegistreringane for matvarer er relativt gode, mens alkoholkonsumet er dårleg registrert. Tidlegare var ein redd at rekneskapsføringa ville verta dårlegare når vi også kravde mengderegistreringar. Men resultatata av 1975-undersøkinga synest i allfall ikkje å vera vesentleg dårlegare enn tidlegare og fråfallet i 1975 er lågare enn i 1974.

Mengdeoppgåver vil gjera det lettare å kontrollera oppgåvene i forbruksundersøkinga både ved kontroll av prisar i rekneskapshefta og ved samanlikning av resultatata med annan statistikk. Dersom det er interesse for mengdeoppgåver, synest det difor ikkje å vera nokon grunn til på det nåverande tidspunkt iallfall å stoppa innsamlinga av slike oppgåver.

VI. Konklusjon

Det kan vera vanskeleg å trekkja nokon klår konklusjon av denne analysen. Men forbruksundersøkinga i 1975 synest å gi brukbare estimat på nivået på gjennomsnittlegeutgifter - iallfall for grove gruppeinndelingar av materialet. Dette gjeld sjølv om årlege forbruksundersøkingar synest å ha ein tendens til å underestimera forbruket. Dei prosentvise samansetjingane av utgiftene i ulike grupper ser nokså rimelege ut og det skal ikkje så svært store endringar til i budsjettprosentane over ein viss periode før årlege forbruksundersøkingar kan avdekkja dette.

Derimot er det vanskeleg å bruka årlege nivåtal til å seia noko om korleis totalutgiftene endrar seg frå år til år. Til dette er dei årlege tala for usikre. Difor er det først og fremst aktuelt å offentleggjera gjennomsnittstal som byggjer på fleire årgangar. Dette er i store trekk den same konklusjonen som ein kom til for 1974-undersøkinga i ANO 76/40.

Mengdeoppgåvene i 1975 synest også å gi eit brukbart overslag på matvarekonsumet sjølv om kanskje også dette er litt lågt samanlikna med forbruk i jordbruksstatistikken. Alkoholkonsumet er derimot sterkt underestimert i forbruksundersøkinga. Då Avdeling for kostholdsforskning ved Universitetet i Oslo vil analysera desse mengdeoppgåvene nærare, er det rimeleg at Byrået også publiserer mengdetal - t.eks. i Statistisk Ukehefte. Derimot vil det vera vanskelegare å publisera mengdetal for 1976 då samanlikningar mellom to år vil vera nokså usikre.

Litteratur

- [1] Cochran, William G. (1963): Sampling Techniques. Second edition. John Wiley & Sons Ltd. New York.
- [2] Norge. Statistisk Sentralbyrå: Alkohol og andre rusmidler 1975. NOS A 829.
- [3] Norge. Statistisk Sentralbyrå: Forbruksundersøkelse 1958. Annet hefte. NOS A 31
- [4] Norge. Statistisk Sentralbyrå: Forbruksundersøkelse 1975. NOS A 705.
- [5] Norge. Statistisk Sentralbyrå: Jordbruksstatistikk 1975. NOS A 817.
- [6] Norge. Statistisk Sentralbyrå: Private husholdningers forbruk 1973. SA nr. 24.
- [7] Norge. Statistisk Sentralbyrå: Resultater fra forbruksundersøkelsen 1974. ANO 76/40.
- [8] Norge. Statistisk Sentralbyrå: Statistisk månedshefte nr. 6/1975.
- [9] Norge. Statistisk Sentralbyrå: Statistisk månedshefte nr. 12/1975.
- [10] Norge. Statistisk Sentralbyrå: Statistisk Arbok 1976. NOS XII 285
- [11] Norge. Statistisk Sentralbyrå: Økonomisk utsyn over året 1976. NOS XII 286.

Tabell 23. Hushald etter hushaldstype/total forbruksutgift/talet på personar/hovudinntektstakars alder/yrkesstatus. 1975¹⁾

| | Hushald | |
|---|------------------|---------|
| | Talet på hushald | Prosent |
| I ALT | 1 115 | 100,0 |
| Hushaldstype | | |
| Einslege | 175 | 15,7 |
| Ektepar utan barn | 237 | 21,3 |
| Ektepar med 1 barn | 105 | 9,4 |
| Ektepar med 2 barn | 107 | 9,6 |
| Ektepar med 3 eller fleire barn | 64 | 5,7 |
| Andre hushald | 427 | 38,3 |
| Total forbruksutgift | | |
| Under kr 10 000 | 50 | 4,5 |
| kr 10 000 - 14 999 | 73 | 6,5 |
| kr 15 000 - 19 999 | 85 | 7,6 |
| kr 20 000 - 29 999 | 173 | 15,5 |
| kr 30 000 - 44 999 | 267 | 23,9 |
| kr 45 000 - 59 999 | 168 | 15,1 |
| kr 60 000 - 79 999 | 156 | 14,0 |
| kr 80 000 - 99 999 | 70 | 6,3 |
| kr 100 000 og over | 73 | 6,5 |
| Talet på personar | | |
| 1 person | 175 | 15,7 |
| 2 personar | 297 | 26,6 |
| 3 " | 250 | 22,4 |
| 4 " | 208 | 18,7 |
| 5 " | 114 | 10,2 |
| 6 eller fleire personar | 71 | 6,3 |
| Hovudinntektstakars alder | | |
| Under 30 år | 121 | 10,8 |
| 30 - 39 år | 185 | 16,6 |
| 40 - 49 " | 189 | 17,0 |
| 50 - 59 " | 263 | 23,6 |
| 60 - 66 " | 153 | 13,7 |
| 67 år og over | 204 | 18,3 |
| Hovudinntektstakars yrkesstatus | | |
| Sjølstendig næringsdrivande i jordbruk, skogbruk og fiske | 74 | 6,6 |
| Sjølstendig næringsdrivande elles | 69 | 6,2 |
| Lønstakarar | 667 | 59,8 |
| Ikkje yrkesaktive | 305 | 27,4 |
| Personar pr. hushald | 2,79 | |

1) Jmf. tabell 12 i ANO 76/40.

Tabell 24. Utgift i løpende kroner pr. år, etter vare- og tenestegruppe. 1958, 1967, 1973, 1974 og 1975¹⁾

| Vare- og tenestegruppe | 1958 | | 1967 | | 1973 | | 1974 | | 1975 | |
|--|--------|-------|--------|-------|--------|-------|--------|-------|--------|-------|
| | Kr | Pst. | Kr | Pst. | Kr | Pst. | Kr | Pst. | Kr | Pst. |
| TOTAL FORBRUKSUTGIFT | 11 088 | 100,0 | 21 000 | 100,0 | 36 832 | 100,0 | 40 523 | 100,0 | 44 060 | 100,0 |
| 0 Matvarer | 4 418 | 39,9 | 6 208 | 29,6 | 8 823 | 24,0 | 9 341 | 23,1 | 9 881 | 22,4 |
| 00 Mjøl, gryn og bakervarer | 439 | 4,0 | 626 | 3,0 | 881 | 2,4 | 942 | 2,3 | 1 006 | 2,3 |
| 01 Kjøtt, kjøttvarer og flesk | 922 | 8,3 | 1 590 | 7,6 | 2 300 | 6,2 | 2 395 | 5,9 | 2 426 | 5,5 |
| 02 Fisk og fiskevarer | 305 | 2,7 | 498 | 2,4 | 701 | 1,9 | 750 | 1,9 | 728 | 1,7 |
| 03 Mjøl, fløyte, ost og egg | 930 | 8,4 | 1 186 | 5,6 | 1 520 | 4,1 | 1 546 | 3,8 | 1 714 | 3,9 |
| 04 Spisefett og oljer | 298 | 2,7 | 288 | 1,4 | 361 | 1,0 | 406 | 1,0 | 400 | 0,9 |
| 05 Grønnsaker, frukt og bær | 742 | 6,7 | 927 | 4,4 | 1 373 | 3,7 | 1 441 | 3,6 | 1 689 | 3,8 |
